



Gloppen kommune

Møtebok

Utval	Formannskapet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	21.10.2020
Tid	Kl. 09:00 - 14:00

Følgjande medleamar møtte	Frå
Leidulf Gloppestad	SP
Per Jarle Myklebust	SP
Magni Aa Berge	SP
Solveig Lien Gusdal	SP
Arnar Hans Kvernevik	AP
Mariel Eikeset Koren	MDG
Svein-Ottar Sandal	KRF

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Katrine Anita Heggelund	SV	Sandra Edith Tenud	AP
Beate Dybendal Nordvik	H	Gunnvor Sunde	SD

Andre som møtte

Anders Skipenes, kommunedirektør i alle saker
Beate Kornberg, rådgjevar i sak 150/20
Geir Liavåg Strand, organisasjonssjef i alle saker
Gunhild Gimmedstad, helse- og omsorgssjef i sakene 151/20 og 152/20
Kjell Petter Solhaug, teknisk sjef i sakene 142/20 og 150/20
Knut Roger Berge Nesdal, næringssjef i sak 145/20
Remi Lone Nilsen, økonomisjef i sak 148/20
Torbjørn Brandsæter, rådgjevar i sak 150/20

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Svein-Ottar Sandal	145/20		§6e 2. ledd i forvaltningslova.

Møteleiar: Leidulf Gloppestad

Underskrift:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
139/20	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
140/20	Referat og orienteringssaker
141/20	Gjennomføring av digitale politiske møte i ein pandemisituasjon
142/20	Godkjenning av kommunedelplan for ny E39 Byrkjelo- Grodås
143/20	Kjøp av nytt GPS-landmålingsutstyr - omdisponering av midlar
144/20	Leikanlegg ved Sandane skule - forskottering av spelemidlar
145/20	Løpande tildeling næringsfondet 2020 - Covid19
146/20	Mindre planendring og sal av del av friområde - Nordåsen
147/20	Oppdatert samarbeidsavtale SEKOM-sekretariatet
148/20	Rekneskapsrapport - Investeringsbudsjett og orientering om statsbudsjettet
149/20	Tomt til nytt høgdebasseng for Byrkjelo vassverk - dispensasjon frå kommuneplanen
150/20	Kommuneplanens arealdel - 1.gangs behandling
151/20	Samarbeidsavtale om interkommunalt krisesentertilbod
152/20	Økonomisk stønad til Seniornett



Saksnr.	Utval	Møtedato
139/20	Formannskapet	21.10.2020

Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Ordføreren si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 16.09.2020
2. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til møtet 21.10.2020

Møteboka frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber ordføreren om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Det vart innkalla feil vara.

FOR- 139/20 Vedtak

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 16.09.2020
2. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til møtet 21.10.2020



Saknr.	Utval	Møtedato
140/20	Formannskapet	21.10.2020

Referat og orienteringssaker

Referatsaker

Tittel

Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland etter gjennomførte smittevernstiltak
Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronapandemien
Statsbudsjettet 2021 - kommuneopplegget

Avsender/mottakar

Fylkesmannen i Vestland
Fylkesmannen i Vestland
Fylkesmannen i Vestland

Orienteringssaker:

Ordet fritt...

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Spørsmål Svein-Ottar Sandal (KrF). Kompensasjon er liten i høve Covid-19 nabokommunane? Kva med ressurskrevjande brukarar. Har vi godt nok berekningsgrunnlag?
Kommunedirektør: Staten legg meir kostnadar over til kommunane. Vi er trygge på at vi har gjort gode vurderingar. Skjønsmidlar: Her er det brukt ein fordelingsnøkkel (innbyggjartal + flatt tilskot + innrapporterte kostnadar). Distriktsindeksen for Gloppen er 38.

TV-aksjonen v/Per Jarle Myklebust (Sp): Orientering om innsamlinga. Innsamla ca 50 kr per innbyggjar. Berømme Breim skule.

Ordføraren: Ber om løyve frå formannskapet til å ta opp samtalan med Stryn om administrativt samarbeid. Ingen motforestillingar.

Widerøe vil ta ned rutetilbodet frå 1.12. Ordføraren føl med. Særleg bekymra for reduksjonen i helga.

Samla i Loen (beredskapsteamet): Nordfjord får god omtale når det gjeld samarbeidet. Nordfjord får mest av dei fylkeskommunale innsatsmidlane etter Bergen.

Informerte om Gloppen 2030 i Trivselshagen. Kan dette møtet bli strømmma?

Ordet fritt:

Maril Eikeset Koren (MDG): Økonomiske konsekvensar for kommunen. Kan vi fått henvising til

budsjettpost - og kor mykje som er att frå denne budsjettposten. Kva er dei faktiske konsekvensane?

FOR- 140/20 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



Saksnr.	Utval	Møtedato
141/20	Formannskapet	21.10.2020
082/20	Kommunestyret	28.10.2020

Gjennomføring av digitale politiske møte i ein pandemisituasjon

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommunestyre vedtek at så lenge landet er i ein pandemisituasjon skal følgjande gjelde:

1. Alle politisk møte skal overførast på nett. Publikum får ikkje vere til stades i møteromet
2. Etter avtale med ordførar/utvalsleiar vert det opna for at medlemmar kan delta på utvalsmøta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
3. Etter avtale med ordførar vert det opna for at formannskapsmedlemmar kan delta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
4. Det vert ikkje opna for å delta på kommunestyremøta via nettet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Då koronaepidemien slo til i mars 2020 sendte ordførar og rådmann melding til kommunestyret om utsetjing av kommunestyremøte og gjennomføring av politiske møte digitalt.

Det ser no ut som restriksjonane som følgje av koronaen kjem til å halde fram langt inn i 2021 og ordføraren og kommunedirektøren meiner tida no er inne til ein prinsipiell diskusjon og eit prinsipielt vedtak i kommunestyret om gjennomføringa av digitale politiske møte i ein pandemisituasjon.

Fakta i saka

Gloppen kommune har gjennomført politiske møte i koronatida, men med restriksjonar når det gjeld storleiken på møterom (1 meters regelen) og når det gjeld tilskodarar. Kommuneoverlegen har godkjent kommunestyresalen til møte med inntil 30 deltakarar så dei fleste politiske møta har vore halde der. Formannskapsmøta og kommunestyremøta har vore sendt live på nettet, gjennom kommunen sin kommunetv-løysing. Det har også vore gjennomført møte der deltakarane har vore med digitalt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det kostar kommune om lag 40.000 kr å tilpasse formannskapssalen kommunetv. Dette er ein eingongskostnad for å installere kamera og lyd.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren vurderer at pandemien vil halde fram ei god stund framover og at det dermed vert lang tid til vi igjen kan opne dei politisk møta for publikum. Eg vil difor tilrå at også formannskapssalen vert tilrettelagt for kommunetv frå alle utvalsmøta.

Kommunestyresalen er dårleg eigna til overføring av mindre møte på nett. Løysinga her er skreddarsydd kommunestyremøte eller andre møte der talarstolen vert bruk. I utvalsmøta og i formannskapet er talarstolen vanlegvis ikkje i bruk, og det gir utfordring både med lyd- og bildeoverføring om desse møta skal haldast i kommunestyresalen. Kommunedirektøren vil difor tilrå at det vert installert kommunetv-løysing i formannskapsalen som er tilpassa formannskaps- og utvalsmøta.

Digital deltaking på politiske møte er krevjande både for ordstyrar, dei andre deltakarane og den som sit «vekke». Erfaringane så langt i denne pandemien er at det fungerer betre i utvala enn det gjer i kommunestyret. Det er vanskeleg å tenke seg hemmeleg val når ein eller fleire av deltakarane er med på nett. Så er det ikkje ofte at avstemmingar er hemmelege, men det skjer.

Kommunedirektøren tilrår at det på fast basis vert mogeleg å delta på utvalsmøta via nettet (Teams) så lenge det ikkje vert opna for hemmeleg avstemming. Kommunedirektøren vurderer at det er vanskeleg å gjennomføre kommunestyremøta med ein eller fleire deltakarar med på Teams, og vil frårå det. Når det gjeld formannskapsmøta er kommunedirektøren i tvil om kva som er rett. Kommunedirektøren tilrår at det skal vere mogeleg å delta på formannskapsmøta via nettet.

Kommunedirektøren si tilråding vert då at så lenge landet er i ein pandemisituasjon skal:

1. Alle politisk møte overførast på nett. Publikum får ikkje vere til stades i møteromet
2. Etter avtale med ordførar/utvalsleiar vert det opna for at medlemmar kan delta på utvalsmøta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
3. Etter avtale med ordførar vert det opna for at formannskapsmedlemmar kan delta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
4. Det vert ikkje opna for å delta på kommunestyremøta via nettet.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Ny innleiing i punkt 2 og 3 i tilrådinga, framlegg frå Per Jarle Myklebust, Senterpartiet

2. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar/utvalsleiar vert det likevel opna for at medlemmar kan delta på utvalsmøta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
3. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar vert det likevel opna for at formannskapsmedlemmar kan delta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet

Magni Aa Berge (Sp):

Per Jarle Myklebust (Sp): Nytt forslag med endra innleiing i punkt 2 og punkt 3:

2. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar/utvalsleiar vert det likevel opna for at medlemmar kan delta på utvalsmøta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
3. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar vert det likevel opna for at formannskapsmedlemmar kan delta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet

Sp sitt endringsforslag, med ny innleiing i punkt 2 og 3 til kommunedirektøren si tilråding, vart samrøystes vedteke.

Samrøystes for Sp sitt framlegg

FOR- 141/20 Vedtak

1. Alle politisk møte skal overførast på nett. Publikum får ikkje vere til stades i møteromet
2. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar/utvalsleiar vert det likevel opna for at medlemmar kan delta på utvalsmøta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
3. Generelt skal ein møte fysisk. Etter avtale med ordførar vert det likevel opna for at formannskapsmedlemmar kan delta via nettet. Det er ein føresetnad at det ikkje vert gjennomført hemmeleg avstemming på møtet
4. Det vert ikkje opna for å delta på kommunestyremøta via nettet.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
142/20	Formannskapet	21.10.2020
088/20	Kommunestyret	28.10.2020

Godkjenning av kommunedelplan for ny E39 Byrkjelo- Grodås

Vedlegg i saka:

02.10.2020	Kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås - kommunal behandling
02.10.2020	Kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås
02.10.2020	Føresegner for Gloppen sin del av planen
02.10.2020	Merknad til planutkast E39, tilrådd alternativ B1
02.10.2020	Kommunedelplankart for Gloppen sin del
02.10.2020	Oversiktskart over vegtraseen
02.10.2020	Oversiktskart på ortofoto
02.10.2020	Fotomontasje - alternativ B-1 på Byrkjelo
02.10.2020	Retningslinjer for vidare planarbeid
02.10.2020	E39 Byrkjelo - Grodås - Svar på brev frå Gloppen kommune om utviding av planprogram

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret godkjenner, jf. pbl § 11-15, kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås med tilhøyrande konsekvensutgreiing, planomtale juli 2019, føresegner for Gloppen kommune 01.07.2019 og plankart Gloppen alternativ B1-1A, 01.07.2019.

Gloppen kommune set følgjande vilkår knytt til godkjenning av kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås:

- Vegen skal planleggast og byggast, med ei vegføring ut frå tunnell, aust for Byrkjelo sentrum og ned til eksisterande E39 sør for Byrkjelo sentrum, som skissert og omtala i planen skal utformast slik at den vil fungere som ei permanent løysing
- Framtidig planlegging av trase på strekninga Byrkjelo-Skei, skal starte i punktet der ny E39 blir koplå inn på eksisterande E39.
- Det bandlagde arealet for ny trasè vidare mot Våtedalen, skal inngå som ein del av eit planarbeid for Byrkjelo-Skei når dette startar opp

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har no gjort ferdig framlegget til kommunedelplan for ny E39 mellom Byrkjelo og Grodås, og planframlegget er sendt kommunane som er planmynde og som skal vedta planen.

Fakta i saka

Kommunedelplanen for E39 Byrkjelo-Grodås er utarbeidd av Statens vegvesen i samarbeid med

kommunane planen vedkjem: Gloppen, Stryn og Hornindal. Statens vegvesen er tiltakshavar og kommunane er ansvarleg planstyresmakt.

Kommunedelplanen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 21. november 2018 til 21. januar 2019. Det vart arrangert kontordagar og opne møte i kommunane i samband med utlegging: i Gloppen den 22. november 2018 på Byrkjelo.

Det kom inn totalt 50 merknader, ni av desse er frå Gloppen. Statens vegvesen har laga ei oppsummering av dei innkomne merknadene, som også omfattar dei endringane som er gjort i planframlegget etter høyringa.

Vedlagt saka er dei mest aktuelle plandokumenta som vedkjem Gloppen. På vegvesenet si nettside: <https://www.vegvesen.no/Europaveg/e39byrkjelogrodas/kommunedelplan?lang=nn> finn du alle dokumenta i plansaka.

I planarbeidet er ei lang rekke alternative løysingar vurderte. På Byrkjelo gjeld dette tre alternativ, omtala i planen som B1, B2 og B3. For alle alternativa startar ny E39 nord for Bergheimsvatnet og endar i eit tunnelinnslag anten aust eller nordvest for Byrkjelo sentrum. B2 og B3 kryssar hovudvassdraget gjennom Byrkjelo med bru to gongar. Dagens E39 med gang- og sykkelvegnett vil bli liggande og blir ført over eller under ny E39. Det kom inn ei motsegn frå Fylkesmannen knytt til alternativa B2 og B3, slik at ein i realiteten berre står igjen med eit alternativ på Byrkjelo.

Gjennom heile planprosessen har det blitt stilt spørsmål om kva som vil skje med vegen frå plangrensa på Bergheim, og vidare sørover. Om plangrensa mot sør, seier planen på side 155:

Planavgrensing mot sør

Statens vegvesen sitt planoppdrag er å planlegge E39 frå Byrkjelo til Grodås. Då er det naturleg og nødvendig å sjå på vegen vidare sørover slik at ein sikrar ein korridor for framtidig E39. SVV har ikkje fått i oppdrag å planlegge Skei – Byrkjelo. Det er lagt opp til at utbygging av Skei – Byrkjelo skal koma på eit seinare tidspunkt. (Grunnlag til NTP har med eit skredsikringsprosjekt i nedre del av Våtedalen).»

Til planprogrammet kom det fleire innspel som tok opp om ein kan utvida planområdet sørover. Det er daglinje (veg i dagen) som ligg i dei overordna føringane i KVU frå Byrkjelo og sørover. Å finne veglinje frå Skei til Byrkjelo vil ligga til eit framtidig planarbeid for den parsellen. Denne planen skal finna løysingar for Byrkjelo til Grodås, dvs. planoppgåva startar på Byrkjelo.

For å ikkje velje løysingar på Byrkjelo som gjer det vanskeleg å stå fritt til å sjå på alle alternativ i planen som seinare skal utarbeidast for Byrkjelo – Skei er det i forarbeidet til denne planen sett på linjer også sørover. Det er gjort geologiske vurderingar som avdekkjer skredfare som utelukkar mange av dei alternativa som har kome opp i planprosessen. I tillegg er naturmangfald, naturressursar (inkl. landbruk), landskapsbilde og kulturminne teke med i vurderingane. På bakgrunn av arbeidet har vi sikra at planen for E39 Byrkjelo – Grodås opnar for å utgreia ulike alternativ for strekninga Skei – Byrkjelo.

Kva meiner Gloppen kommune?

Som sagt innleiingsvis er planen utarbeidd i eit samarbeid mellom vegvesenet og dei kommunane som planen vedkjem. Kommunane har hovudsakleg vore med i planarbeidet på eit overordna politisk og administrativt nivå. For Gloppen sin del har ordføraren og kommunedirektøren/teknisk sjef vore med. I tillegg har nærings sjefen og planleggarane vore med på nokre møter.

Ordførar og kommunedirektør har med jamne mellomrom oppdatert formannskapet om planarbeidet, og undervegs har formannskapet – som også er planutval i saka – gjort slikt vedtak:

I f-sak 126/18, den 12. desember 2018

Formannskapet tek saka til orientering og er nøgd med at Statens vegvesen opnar for å gå ned på vegstandard og følgje dagens trasé i størst mogleg grad og legg til grunn at det også kan gjerast ved alle alternativ.

Formannskapet meiner E39 Byrkjelo-Grodås må sjåast i samanheng med E39 Skei-Sandane og skredsikring i Våtedalen.

Formannskapet er uroa over konsekvensane Statens vegvesen sitt forslag vil få for utvidingsmoglegheiter til Tine Meieri Byrkjelo.

Formannskapet meiner ein også må utgreie eit B3-alternativ som m.a. inkluderer eit fyrste byggesteg og T-kryss på vestsida av Byrkjelo.

Dette vedtaket kom på bakgrunn av den nedjusterte kryssløysinga i alternativ B1, som vegvesenet no altså har lagt bort.

I f-sak 14/19, den 12. februar 2019

Formannskapet viser til rådmannen sine argument for ei kryssløysing på Byrkjelo vest for sentrum, og er samd i desse. I tillegg vil ei slik løysing gje ei mykje betre samankopling av eksisterande vegnett i området og ei betre kryssløysing mot Sandane og vestover mot midtre og ytre Nordfjord.

Kommunedirektøren sine argument, som det blir vist til i vedtaket, var:

- Hindrar ikkje utvidingsmoglegheitene til Tine
- Hindrar ikkje utviding av bustadfeltet Byrkjelo Aust
- Vegen kjem ikkje i konflikt med bustadhus på oppsida av vegen, ved ei nytt T-kryss mot Byrkjelo
- Kan nytte overskotsmasse til å sikre Byrkjelo mot 200-årsflaum frå Storelva ved å legge vegen i kanten mellom dyrka mark og elv. Må då ikkje gløyme Myklebustdalselva
- Det ligg til rette for eit større næringsareal ved nytt kryss på vestsida enn kva det gjer på austsida
- ALL trafikk vil gå utanom sentrum, dersom det er eit mål
- 300 m kortare tunell under Utvikfjellet
- Mindre støypingar frå vegen, då den blir flytta frå sentrum
- Unngår to lange bruer (og dermed motsegna frå NVE) og i staden byggjer ei ny kort bru over Myklebustdalselva.

Informasjonsmøte Byrkjelo

29. august i år heldt vegvesenet informasjonsmøte på Byrkjelo om planframlegget som no blir lagt fram. På møtet kom det fram klar og sterk motstand mot planen, og ordføraren konkluderte på møtet med at planen ikkje kjem til å bli vedteken av kommunen.

Formannskapet hadde, i F-sak 101/19, kommuneplanen for E39 Byrkjelo-Grodås oppe til behandling, kor det blei fatta følgjande vedtak:

FOR- 101/19 Vedtak

Formannskapet – som er kommunen sitt planutval – utset behandlinga av kommunedelplanen for ny E39 for strekninga Byrkjelo-Grodås til kommunen har fått møte Samferdsledepartementet og Landbruks- og matdepartementet slik ordføraren har bede om i e-post datert 5. september 2019.

Vedtaket var samrøystes.

Brev til Samferdsledepartementet og Landbruks- og matdepartementet

Ordføreren sendte den 5. september 2019 ein e-posten til Samferdsledepartementet og Landbruks- og matdepartementet, med ein førespurnad om eit felles møte der ein ser på korleis ein kan planlegge i heilskap E39 Byrkjelo-Grodås og Byrkjelo-Skei, og korleis ein kan planlegge og bygge ein veg som tener formålet og samstundes tek i vare jordvernet. Det er enno ikkje motteke svar på denne førespurnaden.

Basert på vedtaket i formannskapet f-sak 14/19, sendt kommunen eit brev til vegvesenet den 18. juni 2019, der vi ba om at vegvesenet utvidar planområdet for å sjå på eit B4 alternativ. Heile svarbrevet frå vegvesenet den 18. desember 2019 ligg ved, og det er under trekt ut følgjande hovudpunkt:

- *Ut frå planarbeidet er altså alternativ B1 i aust det klart beste alternativet på Byrkjelo*
- *NVE har fremja motsegn mot alt. A2 og B2, og Gloppen kommune ønskjer utgreidd eit nytt alt. B4 vest for Byrkjelo. Statens vegvesen meiner at å lage ei tilleggsutgreiing på eitt nytt alternativ B4 er unødvendig*
- *Ut frå den kunnskapen planarbeidet har gitt, vil eit slikt alternativ vere klart dårlegare enn alt. B1:*
 - *Det vil ha høgare kostnad og gje lengre reiseveg langs E39, og vil derfor vere dårlegare for dei prissette konsekvensane*
 - *Det vil og svært truleg vere dårlegare for det ikkje prissette konsekvensane, slik som alt B2 og B3. Det er mellom anna grunn til å setje spørsmål ved:*
 - *Det er truleg ikkje mogleg å leggje vegen utan at den anten kjem nær elva og er negativ for naturmiljøet langs denne, eller at den i god avstand frå elva vil gje større inngrep i dyrka mark*
 - *Vegen vi gå gjennom flaummarkskogen Byrkjelo sør*
 - *Dette alternativet kjem nærare skulen og idrettsanlegget, og konsekvensane for nærmiljøet kan vere negative*
 - *Eit nytt alternativ B4 gjennom flaumområde på Byrkjelo vil ikkje gje like god kurvatur på vegen, og vil difor ikkje ha like gode vilkår for utvikle seg over tid, dvs. alternativet vil ikkje vere framtidsretta*
- *Slik NVE si motsegn mot alt. B2 og B3 er utforma er det ikkje usannsynleg at dei og vil ha motsegn mot eit slikt alternativ B4. Å leggje vegen gjennom flaumområde og konsekvensane det vil gje for vassdraget må utgreiast*
- *Då det allereie no er klart at alt. B4 vil kome ut som eit klart dårlegare alternativ enn B1 bør det ikkje utgreiast*
- *Statens vegvesen meiner at det utførte planarbeidet gir eit godt grunnlag for val av alternativ. Planarbeidet viser at eit alternativ aust for Byrkjelo er best. Men for å komma vidare i planen og leggje til rette for eit planvedtak også i Gloppen kommune, vil vi utpå nyåret ta initiativ til eit møte med dei involverte kommunar og etatar. Siktemålet vil vere å orientere om dei standardreduksjonar som er gjort for alternativ B1 og dei positive konsekvensane dette har for mellom anna arealinngrep, kostnader, etc. Der vil vi også kunne drøfte om det er mogleg å legge til grunn ei stegvis utbygging av prosjektet i området aust for Byrkjelo sentrum i det vidare arbeidet.*

Etter dette er det gjennomført to møter med vegvesenet; 10. mars og 30. september 2020, og då har vegvesenet spissa si tilråding knytt til Byrkjelo.

Tilråding frå Statens vegvesen:

Statens vegvesen sende kommunedelplan med konsekvensutgreiing over til Gloppen kommune for vedtak i brev datert 23. august 2019.

Det er plankart teikning B1-1 A som saman med føresegnene er dei juridisk bindande dokumenta i planen. (PLANID: 1445 2016 05)

Tilrådinga som gjeld Gloppen kommune i planomtalen er:

«

Statens vegvesen vil tilrå at alternativet **B1-V3-N-H2** blir valt og lagt til grunn for vidare planlegging av E39 Byrkjelo – Grodås.

Statens vegvesen tilrår **alternativ B1** på Byrkjelo. Dette er det beste alternativet for gjennomgåande trafikk på E39. Statens vegvesen tilrår i første omgang å bygge ei tilknytning til eksisterande veg som eit T-kryss rett sør for Byrkjelo sentrum.»

Statens vegvesen vil byggje ny E39 frå tunnelen og ned til eksisterande E39 sør for Byrkjelo sentrum etter H1 standar som har ei veggbreidde på 9 m, innanfor det arealet som er satt av i kommunedelplanen, jf. kartutsnittet under.



Bilde 1. Kartutsnitt av kommuneplanområde frå tunellen og tilkopling til eksisterande E39.

Den svarte linja på kartet i bilde 1 over er ei teoretisk tilnærming på kva Statens vegvesen ser som eit naturleg omfang av kommunedelplanen på sikt. Det arealet som er på sørsida av streken vil då kanskje ikkje bli utbygd, men sidan det fortsatt er uvist kva som skjer mot Skei, må dei likevel sikre seg det avsette bandleggingsområdet mot Bergheim.

Kommunestyret i Stryn vedtok kommuneplanen for Stryn komme den 24.09.20 (K-081/19) og Hornindal vedtok kommuneplanen for Hornindal kommune den 26.09.19 (K-030/19).

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen

Kommunedirektøren si vurdering

Når no kommuneplanen for E39 Byrkjelo-Grodås kjem opp til politisk handsaming, er dette avslutninga på eit arbeid som starta i 2015. Gjennom arbeidet med planprogrammet blei det sett på tre ulike vegtrasèar på Byrkjelo, men grunna motsegn Frå Fylkesmannen Vestland, på Alternativ B3 og B3, sat kommunen igjen med eit reelt alternativ B1. Vidare har kommunen ikkje lukkast i å få på plass ei avklaring om kva som skal skje vidare sørover frå Byrkjelo mot Skei.

Kva sit kommunen då igjen med no når kommunedelplanen for Byrkjelo-Grodås no skal godkjennast? Kommunedirektøren meiner at kommunen vil vere godt tent med den løysinga som Statens vegvesen no tilrår, ved at det blir bygd ei tilkopling med ein H1-standard til eksisterande E39, innanfor arealet som er satt av i kommunedelplanen. Det blir i tilrådinga under føreslege at planlegginga for Byrkjelo-Skei, når den måtte starte opp, skal starte i punktet for tilkopling til eksisterande E39, og ikkje som ei forlenging av det bandleggingsarealet som går inn til Bergheim, som ligg ved kommunedelplanforslaget. Ut ifrå det Statens vegvesen kjenner til i dag, er det stort sannsyn for at framtidig E39 vil følgje eksisterande vegtrasè, og ikkje den trasèn som er vist i kommunedelplanforslaget. Kommunedirektøren meiner at det er negativt for grunneigarane i området som må leve med dei restriksjonane som vil ligge til eit slik bandleggingsområde, men kommunedirektøren ser ikkje korleis dette skal kunne handterast på noko anna måte.

Tilrådinga frå Statens vegvesen vil ha stor innverknad på nedbygging av dyrka jord. Vidare vil tilkoplinga mot Byrkjelo sentrum og resten av kommunen vestover, bli mykje betre ved å få etablert eit kryss slik som det er føreslege, kontra eit stort planskilt kryss nordaust for meieriet.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Nytt forslag KrF, framlegg frå Svein-Ottar Sandal, Kristeleg Folkeparti

Kommunestyret viser til vedtak i formannskapet i sak 14/19 av 12. Februar 2019, der det vert argumentert for ei kryssløysing på Byrkjelo vest for sentrum. Kommunestyret meiner framleis at dette vil vere den beste løysinga i høve samlokalisering med eksisterande vegnett i området, betre kryssløysing mot Reed og Sandane, sentrumsutvikling for Byrkjelo og framtidig arealbehov for Tine.

Frå SP erst.siste kulepunkt, framlegg frå Magni Aa Berge, Senterpartiet

Gloppen kommune vil at bandlegging av areal for ny trasé vidare frå Byrkjelo mot Våtedalen vert å sjå på seinare for å få ein heilskap i samband med planlegging av rassikringsprosjekt i Våtedalen.

Ordføraren orienterte om tidslinja frå møtet med vegvesenet i mars.

Per Jarle Myklebust (Sp) la fram Sp sitt forslag frå Magni Aa Berge om å endre siste kulepunkt i rådmannen si tilråding til: Gloppen kommune vil at bandlegging av areal for ny trasé vidare frå Byrkjelo mot Våtedalen vert å sjå på seinare for å få ein heilskap i samband med planlegging av rassikringsprosjekt i Våtedalen.

Svein-Ottar Sandal (KrF) la fram KrF sitt forslag at ei løysing vest for Byrkjelo framleis skal vere eit alternativ: Kommunestyret viser til vedtak i formannskapet i sak 14/19 av 12. Februar 2019, der det vert argumentert for ei kryssløysing på Byrkjelo vest for sentrum. Kommunestyret meiner framleis at dette vil vere den beste løysinga i høve samlokalisering med eksisterande vegnett i området, betre kryssløysing mot Reed og Sandane, sentrumsutvikling for Byrkjelo og framtidig arealbehov for Tine. i avstemminga vart tilleggsforslaget frå Magni Aa Berge (Sp) røysta over først og det vart vedteke mot ei røyst: Svein-Ottar Sandal (KrF).

Det vart så stemt over kommunedirektøren si tilråding med endringa vedteke over, sett opp i mot framlegget frå Svein-Ottar Sandal (KrF):

Kommunestyret godkjenner, jf. pbl § 11-15, kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås med tilhøyrande konsekvensutgreiing, planomtale juli 2019, føresegner for Gloppen kommune 01.07.2019 og plankart Gloppen alternativ B1-1A, 01.07.2019.

Gloppen kommune set følgjande vilkår knytt til godkjenning av kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås:

- Vegen skal planleggast og byggast, med ei vegføring ut frå tunnell, aust for Byrkjelo sentrum og ned til eksisterande E39 sør for Byrkjelo sentrum, som skissert og omtala i planen skal utformast slik at den vil fungere som ei permanent løysing
- Framtidig planlegging av trase på strekninga Byrkjelo-Skei, skal starte i punktet der ny E39 blir kopla inn på eksisterande E39.
- Gloppen kommune vil at bandlegging av areal for ny trasé vidare frå Byrkjelo mot Våtedalen vert å sjå på seinare for å få ein heilskap i samband med planlegging av rassikringsprosjekt i Våtedalen.

Framlegget vart vedteke mot eit røyst: Svein-Ottar Sandal (KrF).

FOR- 142/20 Vedtak

Kommunestyret godkjenner, jf. pbl § 11-15, kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås med tilhøyrande konsekvensutgreiing, planomtale juli 2019, føresegner for Gloppen kommune 01.07.2019 og plankart Gloppen alternativ B1-1A, 01.07.2019.

Gloppen kommune set følgjande vilkår knytt til godkjenning av kommunedelplan for E39 Byrkjelo-Grodås:

- Vegen skal planleggast og byggast, med ei vegføring ut frå tunnell, aust for Byrkjelo sentrum og ned til eksisterande E39 sør for Byrkjelo sentrum, som skissert og omtala i planen skal utformast slik at den vil fungere som ei permanent løysing
- Framtidig planlegging av trase på strekninga Byrkjelo-Skei, skal starte i punktet der ny E39 blir kopla inn på eksisterande E39.
- Gloppen kommune vil at bandlegging av areal for ny trasé vidare frå Byrkjelo mot Våtedalen vert å sjå på seinare for å få ein heilskap i samband med planlegging av rassikringsprosjekt i Våtedalen.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst: Svein-Ottar Sandal (KrF)



Saknr.	Utval	Møtedato
143/20	Formannskapet	21.10.2020

Kjøp av nytt GPS-landmålingsutstyr - omdisponering av midlar

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet godkjenner ei løyving av midlar på kr. 200.000,- eks. mva. frå ubunde investeringsfond til kjøp av nytt GPS-utstyr.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for denne saka er det er nødvendig med auka løyving for å kunne gå til innkjøp, ev. leasing av nytt GPS landmålingsutstyr til oppmålingsavdelinga.

Fakta i saka

Oppmålingsavdelinga, som ligger under teknisk sjef, har i dag to oppmålingsingeniørar som tar seg av alt av oppmålingsarbeid, inkl. innmåling av alt av VA-anlegg som blir etablert i kommunen. Oppmålingsingeniørane er ofte ute på ulike oppmålingsoppdrag samtidig, og då er det nødvendig å ha arbeidsverktøy som fungerer og som dei kan stole på.

Oppmålingsavdelinga er i dag to personar, som har to GPS-utstyr; ein Leica GX1230 GG, kjøpt i 2012 og ein GPA frå Leica, kjøpt i 2005. Det er det sistnemnde utstyret som det er ønskje om å få skifta ut med eit nytt og moderne med tilfredsstillande nøyaktigheit.

Dagens utstyr er utrengert og det er svært vanskeleg å oppnå høg nok nøyaktigheit under vanskelege måleforhold som t.d. i området ved mykje skog, langs husveggar med tre og takutstikk. Dette har blitt løyst med at målinga må gjennomførast på eit seinare tidspunkt, med kikkert og ein ekstra person. Dette er både tid og ressurskrevjande.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Pris på kjøp av nytt GPS-utstyr er kr. 200.000 eks. mva (etter tilbodskonkurranse).

Finansiering ved bruk av ubundne investeringsfond.

Eigenkapital innskot KLP: Budsjett 1.700.000. Finansierte ved ubundne investerings fond: -1.700.000.

Faktisk brukt : 1.465.000

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunen tek seg, gjennom vårt gebyrregulativ, betalt for tenester innanfor ulike typar landmålingsarbeid. Kommunedirektøren er av den oppfatning at kommunen då må kunne stille med personell som har eigna utstyr slik at arbeidet kan bli utført på ein effektiv og nøyaktig måte.

Moderne GPS-utstyr gir høg nøyaktigheit og er raskare og betre under krevjande måleforhold. Det har skjedd mykje innanfor langmålingsutstyr sidan kjøpet i 2012, og endå meir sidan kjøpet i 2005.

Nye og betre funksjonalitetar på målebok og antenne, betre programvarer, nettløysingar,

berekningsprogram og skjerm, som samla forenklar feltarbeidet mykje. Eit moderne GPS-utstyr vil vere arbeidssparande, og gir betre produktivitet og effektivitet i felt. Vidare vil den redusere bruk av kikkert og eksterne målingar, då ny tilt funksjon på antenna gjer det mogeleg å måle heilt inn til husveggar som har takutstikk.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Kommunedirektøren si tilråding vart einstemmig vedteken.

FOR- 143/20 Vedtak

Formannskapet godkjenner ei løyving av midlar på kr. 200.000,- eks. mva. frå ubunde investeringsfond til kjøp av nytt GPS-utstyr.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
144/20	Formannskapet	21.10.2020
084/20	Kommunestyret	28.10.2020

Leikanlegg ved Sandane skule - forskottering av spelemidlar

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret viser til kommunedirektøren si saksutgreiing og godkjenner at kommunen forskotterer utbetaling av kr 300 000,- i samband med leikanlegg ved Sandane skule. Beløpet vert dekket over disposisjonsfondet eller ubundne investeringsfond og skal tilbakeførast til fondet så snart spelemidlane for anlegget er utbetalte.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige endringar i 2021- budsjettet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sandane skule, i samarbeid med FAU ved skulen planlegg å bygge ein aktivitetspark på Sandane skule med oppstart hausten 2020 og ferdiggjering våren/sommaren 2021. Det er tidlegare laga ein tippemiddelsøknad som ikkje er sendt inn som følgje av manglande finansiering. Bakgrunnen for at dette er aktuelt no er løyving i kommunestyresak 074/20 om motkonjunkturtiltak i Gloppen kommune der det vart sett av pengar til Sandane skule både uteområde og bygningsmessige endringar.

Fakta i saka

Sandane skule har stort behov for fornying og utskifting av leikeapparat på skulen. Elevar, foreldre og tilsette har engasjert seg over tid for å få på plass eit anlegg som vil gje eit løft for uteområdet på skulen. Ein del av dei leikeapparata som er på skulen i dag er ikkje lenger godkjende og må rivast. Anlegget skal gje utfordringar på mange nivå og er sett saman av mange element som vil høve både for dei yngste elevane og dei som er litt eldre.

Det er lyst ut ein konkurranse med 4 ulike tilbydarar. Svarfrist på tilbod er sett til 16. oktober. Det vil vere elevar, tilsett og FAU som kjem med sine innspel til kva dei opplever som den beste løysinga innanfor nokre kriterium. Kriteria er å vere innanfor ei prisramme på inntil kroner 600 000,- ekskl. mva., kan delfinansierast av spelemidlar, har fast fallunderlag, tilpassa aldersgruppa 6-13 år, utnyttar tilgjengeleg område på ein god måte. har eit anlegg som inviterer til god og variert leik, med utfordringar på fleire nivå og aldrar og som har element av klatring i seg. Anlegget bør ha stor kapasitet, mange funksjonar og vere ein sosial møteplass.

Anlegget ligg inn på lista over anlegg prioritert på den kommunale lista over nærmiljøanlegg i forhold til spelemidlar. Gloppen kommune vil stå som eigar av anlegget.

Anlegget er tenkt plassert på baksida av skulen, på grusområdet som er på bildet under.



Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kostnadsramma på anlegget er kr 600.000,- + moms. Finansieringa er ved hjelp av spelemidlar, eigenandel og momskompensasjon. Totalkostnad er kr 750.000,-. Momskompensasjon vil utgjere kr 150.000,- Spelemidlar vil utgjere kr 300.000,- Kommunal eigenandel kr 300.000,- som vert finansiert av motkonjukturmidlar.

Spelemidlane som no skal forskotterast og som ligg inne i finansieringsplanen for anlegget vil bli utbetalte i løpet av dei komande åra, avhengig av kor mange anlegg Gloppen får inn i dei fylkeskommunale prioriteringane kvar år. Det vil såleis ikkje vere noko økonomisk risiko for kommunen. Det vil først vere aktuelt med utbetaling på 2021 budsjettet.

Kommunedirektøren si vurdering

Frå kommunedelplanen: «Nærmiljøanlegg bør liggje ved bustad-, skule- eller barnehageområde. Skuleområda skal vere utforma slik at dei innbyr til lek og fysisk aktivitet både i og utanfor skuletida. I 2017 vart det gjennomføre eit opplegg for medverknad frå elevar, tilsette, foreldrearbeidsutvalet og andre ved Breim, Sandane og Nordstranda skule. Opplegget heitte «Teikn ditt skuleområde». Dette må følgjast opp.» Anlegget det no vert søkt om forskottering på er eit resultat av den prosessen og seinare prosessar.

Det er heva over tvil at fysisk aktivitet er viktig for barn og unge. Det er eit anlegg som vil vere eit alternativ til anna aktivitet på Sandane skule og som vil erstatte gamle apparat og engasjere fleire elevgrupper. Ein time fysisk aktivitet kvar dag er vedteke som intensjon i Stortinget. Fysisk aktivitet skal inn som ein del av læringsarbeidet i mange fag. Eit slikt anlegg vil vere ei støtte til å kunne realisere slike planar.

Sandane skule treng eit løft på uteområdet og anlegget vil vere eit flott supplement til det som alt er på skulen. Området på skulen er og mykje nytta på fritida og anlegget vil kunne nyttast utanom skuletida.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FOR- 144/20 Vedtak

Kommunestyret viser til kommunedirektøren si saksutgreiing og godkjenner at kommunen forskotterer utbetaling av kr 300 000,- i samband med leikanlegg ved Sandane skule. Beløpet vert

dekka over disposisjonsfondet eller ubundne investeringsfond og skal tilbakeføres til fondet så snart spelemidlane for anlegget er utbetalte.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige endringar i 2021- budsjettet.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
145/20	Formannskapet	21.10.2020

Løpande tildeling næringsfondet 2020 - Covid19

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til rådmannen sitt saksframlegg og tildeler desse tiltaka midlar frå kommunen sitt Covid-19 næringsfond 2020

Prosjekt	Søkebeløp	Tildeling
Sølvane Gard – Fase 1	500 000	500 000
Gloppen kommune – lyssetting av landsbyskogen	50 000	50 000
NCMT – Drift av klyngesamarbeid mot arenastatus	50 000	50 000
Visit Nordfjord – Grunnleggjande marknadspakke	196 700	196 700
Norsk Countytreff – oppgradering infrastruktur straum	300 000	300 000
Tildeling frå Covid-19 fond 2020	1 096 700	1 096 700

Felles vilkår for alle innvilga søknader

Inntil 75 % av tilskotet kan utbetalast når prosjektet er i gang. Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er avslutta og sluttrapport og rekneskap er godkjent av rådmannen.

Søkjjar som har fått innvilga støtte, må innan eitt år etter tildeling be om sluttutbetaling. Viss ikkje, fell tilskotet vekk. Det kan i spesielle tilfelle søkjast om utsetting av fristen.

Bakgrunn for saka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i samanheng med koronatiltaka i krisepakke – fase 3 for 2020 oppretta ein ny tilskotspost på kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, øyremerkte til kommunale næringsfond. Dette er ei eingongsløyving på 75,3 mill. kroner til kommunar i Vestland fylke som er hardt råka av høg arbeidsløyse som følge av virusutbrotet. Hovudutval for næring vedtok i sak 46/2020 den 16.07.20 fordeling som ga Gloppen kommune kr 1 851 970.- i påfyll på kommunalt næringsfond 2020. Det er i sak 124/20 nytta 150 000.- frå fondet. Restbeløp for tildeling 1 701 970.-

I tildelingsbrev står det fylgjande om formålet:

Covid 19-utbruddet har gitt store utfordringer for næringslivet i mange kommuner. Tilskuddet skal sette kommuner i stand til å legge til rette for økt aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringer, behov og potensial.

Det kan gis tilskudd til bedrifter, etablerere og andre næringsaktører. Med næringsaktør menes en aktør som tilrettelegger for og/eller gir støtte til næringsutvikling.

Kommunene kan unntaksvis tildele midler til egne tiltak som oppfyller formålet.

Saksutgreiing

Fakta i saka

Det har kome inn 5 nye søknader.

Søknad 1 Sølvanne Gard – Utvikling av Sølvanne Gard

Eivind Kandal og Torstein Kollevåg ynskjer å utvikle Sølvanne Gard til ein viktig del av Gloppen sitt tilbod for reiseliv, kultur, lokalmat og overnatting. Satsinga er delt i 3 fasar. Søknaden gjeld fase 1 som er ombygging av driftsbygningen. Sølvanne Gard er eit av prosjekta som er plukka ut i forbindelse med Nordfjordrådet sitt Covid-19 SMB prosjekt. PwC har ilag med Sølvanne Gard jobba fram prosjektet det no vert søkt midlar til å gjennomføre.

Søkesum 500 000.- Totalramme 10 295 119.-

Søknad 2 Lyssetting av landsbyskogen

Gloppen kommune eig eit område ved Krånavegen der det er planta tre som kommunedirektøren ynskjer å lyssette. Kommunedirektøren har fått samarbeide med lokal grunneigar om tilføring av straum til området. Dette tiltaket er med på å bygge vidare på butikkgruppa si satsing på vinterbelysning i fjordlandsbyen.

Søkesum 50 000.- Totalramme 90 000.-

Søknad 3 NCMT - Drift av klyngesamarbeidet mot arenastatus

NCMT, Norwegian Circular Materials Technology - polymers & composites Cluster, er under etablering og har søkt Arena status. Hovudkontoret for klyngesamarbeidet skal vere på Sandane. Arena søknaden vert avgjort 19 november 2020. Pt er har over 80 bedrifter i Norge knytt seg opp mot klynga.

Søkesum 50 000.-

Søknad 4 Visit Nordfjord – Grunnleggjande marknadspakke

Visit Nordfjord har den siste tida arbeid med tiltak som vil sikre kvalitet i marknadsføring av reisemålet Gloppen. Visit Nordfjord legg fram eit forslag til ein grunnleggjande marknadspakke der fyrstårn og mindre kjende stader i Gloppen vert løfta fram. Pakken skal forenkle arbeidet med marknadsføring av kommunen som reisemål.

Søkesum 196 700.- Totalramme 267 800.-

Søknad 5 Norsk Countrytreff – Forbetring av infrastruktur

Stiftinga Norsk Countrytreff planlegg utbetring av infrastruktur for straum på campingområda dei har på Råd i Breim og søker om støtte til dette arbeidet.

Søkesum 300 000.- Totalramme 600 000.-

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen. Midlane som er tilførte frå fylkeskommunen. Pengane er tenkt nytta til utvikling av næringslivet i Gloppen i 2020.

Kommunedirektøren si vurdering

Søknad 1 Sølvanne Gard – Utvikling av Sølvanne Gard fase 1

Dei to eldsjelene bak Sølvanne Gard, Eivind Kandal og Torstein Kollevåg, har valt å satse i Kandalen og har som mål å vere ein kulturarrangør og reiselivsaktør som skaper unike og attraktive opplevingar

for tilreisende og kulturinteresserte. Gjennom dei siste månadane har PwC jobba med strategien for den vidare satsinga på Sølrvane Gard. Satsinga er inndelt i 3 fasar og går over 15 år. Det er dette arbeidet som ligg til grunn for søknaden. Arbeidet verkar gjennomtenkt og vil tilføre mykje for grenda Kandal.

Sølrvane Gard viser at det er mogleg. Mogleg å skape arbeidsplassar, meirverdi, kulturopplevingar og samarbeid over alt berre det er vilje og mot til å gjennomføre. Kommunedirektøren er imponert over det Sølrvane Gard har skapt i Kandalen og den merksemd Kandalen og Sølrvane Gard har fått. Kommunedirektøren legg og merke til alle dei andre aktivitetane som skjer i Kandalen og at det bak fleire av desse initiativa der unge no etablerer seg i Kandalen. Kandal Fisk, Kandal kjøtt, Kandal design (SUS) Copakandala, Kandal Ysteri, Ysteriparken, galleri og atelier, glamping samt stølsdrift og utleige av stølshus. I lag med Sølrvane Gard alle tilhøyrande i ei lita grend som for få år sidan hadde eit heilt anna framtidssbilde enn det ein i dag ser føre seg. I Gloppen kommune er Kandalen ein av plassane som verkeleg har løfta seg og som for framtida vil vere for Gloppen det Nusfjord er for Lofoten og Lodalen for Stryn.

Sett i lys av alt dette, samt forretningplan utarbeida av PwC, ynskjer kommunedirektøren å støtte det som skjer på Sølrvane Gard og i Kandalen.

Dersom Sølrvane Gard vel å satse som skissert i forretningsplan fase 1, ynskjer kommunedirektøren å støtte tiltaket ved å imøtekome søknaden på kr 500 000.-

Søknad 2 Lyssetting av landsbyskogen

I 2019 fekk fjordlandsbyen Sandane vinterbelysning. Denne heng oppe frå 1. november til ca 1 mars. Lyssettinga er tenkt som eit positivt lyst bidrag i ei eller mørk tid. Det er butikkgruppa i Gloppen Næringsorganisasjon som står bak dette tiltaket.

Gloppen kommune eig området ved telefonkiosken i Krånavegen og mot egedomen til Svein Ottar Sandal gnr 69/129. Dette området er i dag innfartsåra til Sandane sentrum for reisende med buss og bil, syklistar og gåande. I mørketida framstår dette som eit lite attraktivt og mørk del av sentrum. Området har imidlertid ein type beplantning som vil kunne passe godt med lyssetting. Området kan lyssettast i same periode som butikkgruppa har si vinterbelysninga hengande oppe. Lyssetting av landsbyskogen vil vere spesielt effektivt og vil kunne observerast frå store områder rundt Gloppefjorden samt tilføre fjordlandsbyen ein ny attraksjon. Det vil vere ein varm velkomst til sentrum.

Som handelsstad er Sandane noko anna enn kringliggande handelssenter. Det må vi tore bygge vidare på. Det å skape positive opplevingar for handlande vert viktigare i tida framover og lyssettinga av landsbyskogen vil vere eit tiltak i den retning.

Grunna leveringstid på materiale har kommunedirektøren alt innvilga søknaden om lyssetting av landsbyskogen med kr 50 000.- slik at tiltaket vil kunne bli gjennomført i 2020.

Søknad 3 NCMT - Drift av klyngesamarbeidet mot Arenastatus

NCMT er ei internasjonal næringsklynge som består av bransjeuavhengige aktørar med verdsløiande og komplimentierende kompetanse. Klynge jobbar for utvikling av marknadsretta og berekraftige materialløysingar innan polymer og kompositt. Klynge si målsetting er å auke verdiskapinga til medlemmane ved å styrke aktørane si konkurransekraft i ein global marknad, og posisjonere Noreg som ein framtidssretta polymer- og komposittnasjon.

Frå medio september til medio november treng klynge støtte for å oppretthalde drifta fram til søknaden om arenastatus er avgjort.

Då dette var hastesak har kommunedirektøren og ordførar hatt samtale om førespurnaden om kortsiktig finansiering av klyngesamarbeidet og blitt samde om å støtte NCMT med kr 50 000.-

Søknad 4 Visit Nordfjord – Grunnleggjande marknadspakke

Reiseliv er ei stor satsing i Gloppen kommune. Ved utarbeiding av marknadsmateriell om kommunen, opplever kommunedirektøren at ein stadig kjem til kort når det gjeld å ha tilgjengelig bilete av høg kvalitet frå kommune. Gloppen kommune har i fleire omgangar diskutert denne utfordringa med Visit Nordfjord utan å finne ei god løysing.

Når Visit Nordfjord no har hyra inn fotograf, vil det vere smart av Gloppen kommune å vere med for å sikre kvalitetsbilete av attraksjonar i kommune. Fotografen skal bygge bildedatabase frå attraksjonar innanfor alle fire årstidene. Med dette materialet på plass vil Gloppen kommune vere meir synleg med betre bilete som er tilpassa profilen Visit Nordfjord har.

Kommunedirektøren ynskjer imøtekome søknaden frå Visit Nordfjord på kr 196 700.-

Søknad 5 Norsk Countrytreff – forbetring av infrastruktur

Norsk Countrytreff er eit av dei største kulturarrangementa i Vestland, og det desidert største arrangementet i Gloppen kommune, uansett sjanger. Kring 17 000 konsertbesøkande gjev svært store ringverkander i heile kommunen. Coop Marknad på Reed melder aleine om omsetningsauke på 30% i festivalveka.

Det er eit stort arbeid å legge fram straum til dei ulike campingområda. Dette er eit arbeid som må gjentakast kvart år, er dyrt, krevjande og fører til stort forbruk via lange gummikablar som igjen gir spenningstap og ustabil tilførsel. Det er planlagt å grave ned permanente kablar frå ein ekstern trafo og sette opp permanente hovudfordelingsskap. Dette vil føre til at ein får eit tryggare og meir stabilt anlegg samtidig som ein spare svært mange dugnadstimar kvart år.

Når ein først har grave grøfter for kablane vurderer Norsk Countrytreff om det er anna infrastruktur som kan leggest i same grøfta.

Kommunedirektøren ynskjer at ein legg til rette for utvikling og kvalitetsheving av ein viktig festival for Gloppen og vil imøtekome søknaden på kr 300 000.- til dette arbeidet.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Orientering om søknadane.

Ordførar reiste spørsmål om Svein-Ottar Sandal (KrF) sin habilitet ism lyssettingsprosjektet då han har eigarinteresser i elgedomsselskapet som er ein del av prosjektet. Ordføraren tilrår at Svein-Ottar Sandal (KrF) dermed er part i saka og difor inhabil etter §6e pkt 2 i forvaltningslova til å behandle tildeling til dette prosjektet, men ikkje inhabil til å behandle dei andre søknadane. Ordføraren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Ordførar tilrår at tildelinga til prosjekt om lyssetting vert utsett til eit ekstra formannskapsmøte 28.10.20 kl 0830. Dette vart samrøystes vedteke.

Svein-Ottar tilbake til å behandle dei resterande fire søknadane, Dei siste fire prosjekta fekk midlar som tilrådd frå kommunedirektøren. Vedtaket var samrøystes.

FOR- 145/20 Vedtak

Formannskapet viser til rådmannen sitt saksframlegg og tildeler desse tiltaka midlar frå kommunen sitt Covid-19 næringsfond 2020

Prosjekt	Søkebeløp	Tildeling
Sølvane Gard – Fase 1	500 000	500 000
NCMT – Drift av klyngesamarbeid mot arenastatus	50 000	50 000
Visit Nordfjord – Grunnleggjande marknadspakke	196 700	196 700
Norsk Countytreff – oppgradering infrastruktur straum	300 000	300 000
Tildeling frå Covid-19 fond 2020	1 046 700	1 046 700

Felles vilkår for alle innvilga søknader

Inntil 75 % av tilskotet kan utbetalast når prosjektet er i gang. Resterande 25 % vert utbetalt når prosjektet er avslutta og sluttrapport og rekneskap er godkjent av rådmannen.

Søklar som har fått innvilga støtte, må innan eitt år etter tildeling be om sluttutbetaling. Viss ikkje, fell tilskotet vekk. Det kan i spesielle tilfelle søkjast om utsetting av fristen.

Vedtaket var samrøystes (9 røysta for).

Behandlinga av søknaden frå Gloppen kommune om lyssetting av landsbyskogen vart utsett.

Vedtaket var samrøystes (8 røysta for).



Arkiv: FA-L13, GBNR-77/478,
PLANID-197801,
PLANNAVN-
Gota/Ulvesbakken
JournalpostID: 20/12661
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien

Saksnr.	Utval	Møtedato
146/20	Formannskapet	21.10.2020

Mindre planendring og sal av del av friområde - Nordåsen

Vedlegg i saka:

14.10.2020 77 478 forslag til planendring
14.10.2020 77 478 oversiktskart

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen formannskap vedtek med heimel i pbl. §12-14 ei mindre planendring, som inneber at 56m² av regulert felles friområde i Nordåsen blir omregulert til bustadformål. Ein føresetnad for endringa er at det blir inngått avtale mellom kommunen og eigar av gbnr. 77/478 som sikrar kompensasjon for tapt friareal ved opparbeiding av ein høveleg del av attverande leikeområde. Avtale skal godkjennast av kommunen.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Øystein Hjelmeset har søkt om ei mindre reguleringsendring og å få kjøpe ein liten del av regulert felles leikeplass som grensar til tomta hans i Nordåsen.

Fakta i saka

Hjelmeset si tomt ligg innafor reguleringsplanen for Gota/Ulvesbakken. Han har søkt om omregulering og kjøp av 56m² regulert til felles leikeplass som han ønskjer å nytte til parkering. Hjelmeset skriv at området stort sett består av ein bratt skråning med ein del kratt, som aldri har vore opparbeida eller brukt til leikeområde. Det er orientert om at friområdet tidlegare i periodar har vore brukt som akebakke om vinteren, og at reguleringsendring og grensejusteringa ikkje vil forhindre slik bruk.

Endringa er varsla til alle som grensar til og dei fleste som naturleg soknar til leikeplassen. Det er ikkje kome merknader til tiltaket. Åsen Vel er også varsla, og har i tillegg til at dei samtykker til endringa skrive følgjande:

I dag framstår området som ustelt og lite tiltalende. Vi vel å legge til kommentar om at det for Åsen Vel er naturleg at ny eigar tak ansvar for å holde det i stand og halde vegetasjon nede.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Små inntekter frå eventuelt sal av areal. Desse bør nyttast til tiltak i attverande friområde.

Kommunedirektøren si vurdering

Den aktuelle leikeplassen ligg mellom to kommunale vegar, med ein høgdeskilnad på sju-åtte meter. I nedste delen er det ei flate på om lag 200m². Skråningen opp mot den øvre vegen er til dels svært bratt. Omsøkt areal vil ta vekk det slakaste av denne skråningen frå leikeplassen, men vil etter kommunedirektøren si vurdering ikkje gjere det mykje vanskelegare å bevege seg frå øvre nivå ned på flata. Den bratte skråningen er nok uansett mest eigna til akebakke, og kunne med fordel også vore tilrettelagt med sklie som naturleg følgjer bakken. Den nedre delen burde vore opparbeida som ein nærleikeplass for mindre born. Friområdet har kanskje også ein viss verdi berre som naturområde, sjølv om det finst gode tilgjengelege naturområde i nærleiken. Totalt er arealet i dag rett over 500m². Området er regulert som felles leikeplass, det vil seie at sjølv om arealet ligg på kommunal grunn har det alltid vore ein føresetnad at nabolaget skulle stå for drift og vedlikehald. Orienteringa frå søkjar og observert tilstand tyder på at nabolaget i liten grad har teke dette ansvaret på alvor, i alle fall ikkje dei seinare åra.

Mykje av uteaktivitet og tilretteleggingstiltak i nærområdet har vore konsentrert om Myra og kunstgrasbana med meir på Myklebustflata. Dette er svært viktige nærmiljøtiltak, men dei burde ikkje erstatte dei små nærleikeplassane i eit nabolag. Desse har primært ein annan funksjon, kanskje særleg for dei minste borna. Kommunedirektøren meiner likevel at den aktuelle nærleikeplassen er bra stor, og at omsøkt endring i liten grad vil påverke moglegheten til å tilrettelegge den til eit godt og tenleg leikeområde.

Rikspolitiske retningsliner for barn og planegging pkt. 2.5 d seier:

Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.

Det er ikkje gitt ein klar definisjonen på «fullverdig erstatning». I nokre tilsvarande plansaker behandla i 2019 og tidlegare i år har tap av areal og øvrige endringar vore akseptert med krav om opparbeiding av delar av attverande friområde, slik at friområda samla sett skulle kome betre ut etter endringa enn før. Det vil vere naturleg å legge same prinsippet til grunn i denne saka. Det er førebels ikkje forhandla med kjøparane, så kommunedirektøren må få kome tilbake til korleis dette skal løysast reint praktisk, dersom formannskapet følgjer tilrådinga og vedtek planendring og sal av areal.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Makebyte mellom gbnr. 777478 og friareal/leikeareal, framlegg frå Solveig Lien Gusdal, Senterpartiet
Gloppen formannskap vedtek med heimel i pbl 12-14 ei mindre planendring. Den inneber justering av grensa mellom 77/478 og leikearealet på austsida der omlag 56 m² vert makebytt slik at areala innanfor formåla vert uendra.

Solveig Lien Gusdal (Sp) la fram sitt forslag:

Gloppen formannskap vedtek med heimel i pbl 12-14 ei mindre planendring. Den inneber justering av grensa mellom 77/478 og leikearealet på austsida der omlag 56 m² vert makebytt slik at areala innanfor formåla vert uendra.

Framlegget vart sett opp i mot tilrådinga frå kommunedirektøren:

Gloppen formannskap vedtek med heimel i pbl. §12-14 ei mindre planendring, som inneber at 56m² av regulert felles friområde i Nordåsen blir omregulert til bustadformål. Ein føresetnad for endringa er at det blir inngått avtale mellom kommunen og eigar av gbnr. 77/478 som sikrar kompensasjon for tapt friareal ved opparbeiding av ein høveleg del av attverande leikeområde. Avtale skal godkjennast

av kommunen.

Solveig Lien Gusdal (Sp) sitt framlegg vart einstemmig vedteke.

Ordførar ber om det vert laga ei prinsipp-sak i formannskapet om sal av friområde.

FOR- 146/20 Vedtak

Gloppen formannskap vedtek med heimel i pbl 12-14 ei mindre planendring. Den inneber justering av grensa mellom 77/478 og leikearealet på austsida der omlag 56 m2 vert makebytt slik at areala innanfor formåla vert uendra.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
147/20	Formannskapet	21.10.2020
083/20	Kommunestyret	28.10.2020

Oppdatert samarbeidsavtale SEKOM-sekretariatet

Vedlegg i saka:

- 02.10.2020 Sak til kommunestyret: Oppdatert samarbeidsavtale SEKOM sekretariat
- 02.10.2020 Oppdatert samarbeidsavtale SEKOM - tilråding frå representantskapet 30.09.20
- 02.10.2020 Oppdatert samarbeidsavtale SEKOM - vedtak og ugreiing

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommunestyre godkjenner for sin del framlegget til oppdatert samarbeidsavtale for SEKOM-sekretariatet slik den ligg føre.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er krav frå Brønnøysund som gjer at avtalen må endrast.

Fakta i saka

Den oppdaterte samarbeidsavtalen er tilrådd frå styret og representantskapet i SEKOM-sekretariatet. Sjå elles den vedlagte saksutgreinga frå SEKOM-sekretariatet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen.

Kommunedirektøren si vurdering

Den nye avtalen er i tråd med krava frå Brønnøysund når det gjeld namnsetting og omtale av storleiken på ansvarsdelinga kommunane i mellom. Kommunedirektøren sluttar seg til dei vurderingane som styret og representantskapet har gjort, og tilrår kommunestyret å vedta den oppdaterte samarbeidsavtalen slik den ligg føre.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FOR- 147/20 Vedtak

Gloppen kommunestyre godkjenner for sin del framlegget til oppdatert samarbeidsavtale for SEKOM-sekretariatet slik den ligg føre.

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
148/20	Formannskapet	21.10.2020
081/20	Kommunestyret	28.10.2020

Rekneskapsrapport - Investeringsbudsjett og orientering om statsbudsjettet

Kommunedirektøren si tilråding

Investeringsrekneskapan

Kommunestyret vedtek endringane i prosjektrekneskapan som det går fram i saka.

- Sal og refusjonar på totalt 489 000 kroner blir overført til ubundne investeringsfond
- Bruk av ubundne investeringsfond aukar med 876 000 kroner
- Spelemidlar vil bli nytta til å finansiere investeringar dette året, og reduserer med dette bruk av lån med 3,5 millionar kroner
- Unyttå lån blir overført til 2021

Kommunestyret tar orienteringa om endringar som påverkar 2020 rekneskapan til orientering.

Kommunestyret tar orienteringa om statsbudsjettet 2021 til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Investeringsrekneskapan:

Per 12.10.2020 ligger investeringsrekneskapan under budsjett. Totalt vil ein justere ned ramma med 4 960 000 kroner. Hovudforklaringa er spelemidlar på bassenget i Hyen, utbetalinga her er på 3 500 000 kroner. Det er derimot enkelt prosjekt som har eit overforbruk og nokon prosjekt som har eit underforbruk.

Felles prosjekt

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
18055	Investeringar i IKT Nordfjord	1 290 366	700 000	590 000	1 290 000	Overforbruk grunna feilbudsjettering
18056	Kommunen sin bil og sykkelpark	342 260	400 000	-58 000	342 000	
18057	Oppgradering av IT-utstyr	1 349 009	1 200 000	150 000	1 350 000	Overforbruk

39050	Utlån til Gloppen kyrkjelege Fellesråd	-	-	-130 000	-130 000	Administrasjonsbygg
87051	Eigenkapitalinnskott i KLP	-	1 700 000	-238 000	1 462 000	Flytta til prosjekt 30352
	Total	2 981 635	4 000 000	314 000	4 314 000	

Som vi kan sjå ovanfor så er det IT investeringane som sprekk.

Prosjekt 18055 Investeringar i IKT Nordfjord, budsjettet kom for seint for å få det inn i økonomiplanen for 2020. Dette vart difor underbudsjettet. Kommunen har allereie motteke neste års investeringsbudsjett. Dette vil difor ikkje skje igjen. Totalt sprekk budsjettet med 590 366 kroner i 2020, dette er 100 649 kroner mindre enn vedteke investeringsbudsjett til IKT Nordfjord for 2020. Finansierast ved bruk av spelemidlar.

Prosjekt 18056 kommunen sin bil og sykkelpark. Totalt nyttar kommunen 58 000 kroner mindre til kjøp av bilar. Det var budsjettet med kjøp av ein ny bil i 2020.

Prosjekt 18057 Oppgradering av IT-utstyr. Kommunen har eit overforbruk på 149 009 kroner og treng difor ein budsjett auke på 150 000 kroner. Finansierast ved bruk av spelemidlar.

Prosjekt 39050 gjeld avdrag som kyrkja betalar Gloppen kommune på lån gitt til bygging av administrasjonsbygg.

Prosjekt 87051 Eigenkapitalinnskott i KLP. Rekninga enda 238 000 kroner under budsjett. Mindreforbruket er foreslått flytta til prosjekt 30352 for å finansiere kjøp av nytt måleutstyr.

Total oppjusterer ein budsjettet med 314 000. Finansierast ved bruk at spelemidlar.

Skule og barnehage

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
22150	Leikeutstyr i barnehage	-	300 000	-300 000	-	Flytta til skule 22250
22250	Leikeutstyr i skule	149 091	300 000	-72 000	228 000	Brukt i 2019
22286	Rehabilitering av Hyen skule - idrettsbygget	-2 750 673	-	-2 750 000	-2 750 000	Spelemidlar 3,5''
22287	Rehab. Hyen skule	1 149 306	5 000 000	-3 000 000	2 000 000	Overført til 2021
	Total	-1 452 276	5 600 000	-6 122 000	-522 000	

Prosjekta til oppvekstsektoren ser ut til å gå 6 122 000 kroner under budsjett.

Leikeutstyret vart noko dyrare på skulen enn barnehagane, og ein flyttar difor 300 000 frå barnehagebudsjettet over til skulebudsjettet. Totalt endar prosjekta på budsjett. Reduksjonen på 72 000 kroner kjem av meirforbruk i 2019 som blir trekt frå i 2020 budsjettet.

Idrettsbygget på Hyen er no ferdig, og vi endar ca. 232 000 kroner under budsjett. Årsaka til at prosjektet har eit overskot er overføringa av spelemidlar som ikkje vart budsjettet. Totalt fekk kommunen 3 500 000 kroner i spelemidlar. Unyttta midlar på 981 000 kroner frå 2019 blir ikkje overført. Sluttrapport kjem.

Nye Hyen skule har ikkje nytta alle midlar som vart avsett til prosjektet. Det blir flytta 3 000 000 millionar kroner til 2021-budsjettet. Utgiftene til no er utgifter knytt til prosjektering.

Totalt endar oppvekstsektoren sine investeringsprosjekt med ein overskot på 522 000 kroner, forklara med spelemidlar.

Helse og omsorgssektoren

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
26158	Nytt omsorgsbygg	34 908 952	52 709 000	2 434 000	55 143 000	Overført frå 2019

Det nye omsorgsbygget følgjer budsjettet for prosjektet. Endringa er overføringa av unytta midlar i 2019, og totalbudsjettet er uendra. Prosjektet er venta ferdigstilt i november 2020.

Bustadkontoret

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
28350	Formidling av startlån	-545 799	5 000 000		5 000 000	

Startlån ligg per oktober under budsjett. Kommunen tok opp 5 000 000 kroner i nye lån i 2020, og har såleis dette i reserve. Startlån blir per i dag følgd opp av bustadkontoret og Sparebanken Sogn og Fjordane. Unytta lån blir overført til 2021.

Teknisk sektor

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
30352	Nytt måleutstyr	-	-	238 000	238 000	Flytta frå prosjekt 87051
31550	Gamle bustadfelt	219 285	-	400 000	400 000	Ikkje budsjett i 2020
31566	Utviding/fortetting av Valborgkleiva C-feltet	265 085	3 020 000	-2 480 000	540 000	Deler av denne endringa må sjåast i samanheng med prosjekt 34558 B-feltet. Det står att noko sikringsarbeid på C-feltet utover det som er brukt i år. Usikkert om midlane blir brukt i 2020.
31569	Planarbeid nye bustadfelt	225 487	406 000	100 000	506 000	Overført frå 2019. Ferdig med grunnundersøking og kvikkleirekartlegging utført av Multiconsult, ventar på kulturminnekartlegging utført av fylkeskommunen med eit maks. budsjett på

32050	Kjøp av aksjar	600 000	600 000	-	600 000	kr. 280.000
32564	Elvaneset - tilbakekjøp og nytt sal	-100 525	-	-100 000	-100 000	Nordfjordbrua AS Gjeld refusjon av dokumentavgift. Prosjektet kan avsluttast
32571	Sal av tomter	-386 385	-	-386 000	-386 000	
33055	Trafikktryggingstiltak	66 000	200 000	-75 000	125 000	Den maksimale grensa for kva vi kunne søkje om midlar til, blei redusert og eigendelen heva til 50%, og dette er grunnen til reduksjonen.
33250	Vegar, bruer og gatelys	431 897	1 400 000	-	1 400 000	Den største delen av dette arbeidet er asfaltering, og blir utført på hausten og det blir lagt ein plan for å få utnytta avsette midlar fullt ut og best mogleg.
33369	Adresse i heile kommunen	330 831	-	450 000	450 000	Overført frå 2019. Har gått over svært lang tid, med svært ujamn framdrift. Prosjektet ligg i rute til å bli ferdig i 2020.
33550	Tettstadutvikling	-84 986	500 000	250 000	750 000	Overført frå 2019
33552	Reed - Rekreasjon Tettstadutvikling	63 691	-	226 000	226 000	Overførte tilskotsmidlar frå 2019 (tettstadmidlar)
33952	Sal av bil	-3 000	-	-3 000	-3 000	Sal av UA 28049 – Suzuki Grand Vitara
33958	Nytt blålysbygg	15 552 302	29 813 000	3 906 000	33 719 000	Vedtak om ei ramme som var 3,8 mill. høgare enn budsjett. Inkl. ein reknefeil, er nytt totalbudsjett på prosjektet 41.506.247. Rest å utføre i 2021 er 7.787.274
36057	Førebygging av ny veg langs Holvik elva	28 909	1 407 000	-1 378 000	29 000	Brukt opp i 2019 - overforbruk på 811 000 -NVE sin sprekk
	Total	17 208 591	37 346 000	1 148 247	38 494 247	

Totalt endar budsjettet til Teknisk sektor opp med ein auke på 1 148 247 kroner. Hovudårsaka er auka budsjettramme på blålysbygget (KOM-022/20) på 3 800 000 kroner og overføringar av prosjektmidlar frå 2019 som tilsvara 700 000 kroner.

Det er lagt inn eit nytt prosjekt 30352 som gjeld kjøp av nytt måleutstyr. Dette er finansiert ved at prosjekt 87051 Eigenkapitalinnskott KLP har eit underforbruk på 238 000 kroner. Overfinansieringa av dette prosjektet kan flyttast til kjøp av naudsynt måleutstyr. Finansieringa er bruk av ubundne investeringsfond.

Prosjektet 31550 gamle bustadfelt vart ikkje budsjettert i 2020. Vanlegvis blir arbeid i dette prosjektet finansiert ved sal av tomter. I 2020 vart prosjektet 32571 sal av tomter oppretta, og inntekter blir difor ikkje finansiert direkte lenger. Forbruk på dette prosjektet blir finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond.

Prosjekt 31566 si framdrift ligg bak tidsplanen, men innanfor budsjettamma. 2 480 000 kroner blir difor flytta til 2021.

Prosjekt 31569 avventar fylkeskommunen sitt arbeid med kulturminneplan. Vedteke totalbudsjett er på 1 000 000 kroner, og ein ligg godt under denne ramma. Endringa er overføring av midlar frå 2019, rest budsjett på 364 000 kroner kan overførast til 2021 ved behov.

Prosjekt 32571 er eit nyoppretta prosjekt for å identifisere sal av tomter. Før ble sal ført på 31550 gamle bustadfelt. Overskot blir overført til ubundne investeringsfond.

Prosjekt 33369 gjeld adresseskilt i kommunen. Prosjektet blei ikkje gjennomført i 2019 som planlagt. og midlane er overført til 2020.

Prosjekt 33550 Tettstadutvikling og prosjekt 33552 Reed – rekreasjon i tettstadutvikling har vore eit prosjekt med årlege overføringar. Ramma for 2020 var på 500 000 kroner. Unyttta tilskotsmidlar i 2019 på 475 000 kroner er overført frå 2019. Ein går bort i frå årlege bevillingar, og legg i framtida fram spesifikke enkeltprosjekt når finansiering er sikra. Kommunen sin eigenkapital i desse prosjekta skal vere eigne lønsmidlar og eventuelle dugnadsmidlar frå organisasjonar i kommunen.

Det er seld ein bil knytt til brannvesenet for 3 000 kroner.

Prosjekt 33958 Nytt blålysbygg følgjer budsjettamma vedteke i april i 2020. Endringa gjeld nytt budsjett vedteke i sak KOM-022/20. Blir ferdigstilt i 2021.

Prosjekt 36057 blei hovudsakleg ferdigstilt i 2019. Sluttrapport kjem. Totalt enda prosjektet med eit overforbruk på 811 000 kroner knytt til NVE sin del av prosjektet.

Vatn og avløp (sjølvkost)

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
34550	Gammalt leidningsnett vatn	1 674 020	5 100 000		5 100 000	Budsjettet vil bli brukt opp. Største prosjektet er Lyngevegen som ikkje vil bli ferdig før i 2021.
34557	Ringleidning Nordstranda - Sørstranda	-	1 500 000	-1 500 000	-	Arbeidar med anbodspapir. Arbeidet vil bli utført i 2021.
34558	VVA B2-B8 Valborgskeiva	131 209	-	1 566 000	1 566 000	Overført frå 2019. Ent. Ligg etter på fakturering, blir ikkje avslutta i år. Ingen endring på økonomi
35053	Oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg	-	800 000	-800 000	-	Har ikkje kapasitet til å få dette utført i år, og må difor overførast til 2021
35350	Gammalt leidningsnett	1 720 302	5 800 000	-2 000 000	3 800 000	Det meste av budsjettet vil bli brukt

avløp						opp, med unntak av eit nytt silanlegg på Elvaneset. Denne investeringa er flytta til 2021.
Total	3 525 531	13 200 000	-2 734 000	10 466 000		

Totalt endar VA-området opp med å flytte 2 734 000 kroner til 2021.

Prosjekt 34557 Gammalt leidningsnett vatn blir overført til 2021. Ventar på anbodspapir og endelig kostnad.

Prosjekt 34558 VVA B2-B8 Valborgskeiva er overføring av midlar frå 2019. Prosjektet blir ferdig i 2021 og følgjer budsjett.

Prosjekt 35053 Oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg blir flytta til 2021 grunna kapasitetsproblem.

Prosjekt 35350 Gammalt leidningsnett avløp følgjer budsjett. 2 000 000 kroner blir flytta til 2021.

Kultursektor

Prosjekt	Prosjektnamn	Rekneskap	Budsjett	Endring	Revidert	Kommentar
38150	Idrettsbanen på Sandane	-	500 000	-	500 000	Tiltenkt konsulentkjøp grunnlagsmaterial til utlysing

Prosjekt 38150 Idrettsbanen på Sandane. Prosjektet her er i gang med kommunen si behovsgjennomgang og vi kome opp til ny behandling for fastsette kva ein skal byggje og eventuelt nytt budsjett. Prosjektet ligg noko bak opphavelg tidsplan.

Oppsummering investering

Overførte prosjektmidlar frå 2019 utgjer 8 706 000 kroner.

Utsette prosjekt frå 2020 til 2019 utgjer 9 780 000 kroner.

Det er overforbruk på 2 prosjekt på totalt 740 000 kroner.

Det er mindreforbruk på 5 prosjekt på totalt 1 833 000 kroner.

Det er tilført 2 nye prosjekt på totalt 464 000 kroner.

Unytta tilskot overført frå 2019 utgjer 475 000 kroner.

Kommunen fått 3 500 000 kroner i spelemidlar.

Orientering og drifterekneskapen 2020

Nye prognosar frå KLP tilseier ein reduksjon i pensjonskostnaden på ca. 6,5 millionar kroner.

Innbetalt premie blir redusert med rundt 10 millionar kroner i høve til prognose, mens premieavviket blir 3,5 millionar kroner mindre enn budsjettet.

KS sine nye prognosar for Gloppen kommune sine frie inntekter, syner ein auke på rundt 1,6 millionar kroner. Skatteinntektene er forventta å gå ned med ca. 5 millionar kroner, men dette blir henta inn gjennom ei høgare inntektsutjamning enn førre prognose. Dei nye tala seier at vi endar ca. 100 000 kroner høgare enn opphavelg budsjett frå statsbudsjettet for 2020.

Kommunen ser ut til å ta i mot 13 nye flyktningar i november i 2020. Det er noko usikkert om det følgje med inntekter som påverkar resultatet dette året. Det kan vere at fyrste utbetaling skjer i 2021. Det er ein nedgang i talet på planlagt flyktningmottak på totalt 35%. Mogleg utbetaling utgjær ca. 3,2 millionar kroner i året, der 533 tusen av beløpet kan knytast til 2020.

Totalt vil desse endringane kunne føre til ein resultatforbetring på ca. 8,5 millionar kroner. Netto driftsresultat kan dermed reduserast frå -25 000 000 kroner til -16 500 000 kroner.

Orientering om statsbudsjett for 2021

Totalt aukar kommunen sine frie inntekter med ca. 2 millionar kroner. Dette er som venta.

Venta lønsauke, der ein vidarefører tilsette i oktober månad ut 2021, vil kunne utgjere rundt 5 millionar kroner.

Det er vedteke at kommunar maksimalt kan ha ein eigedomskatt på 4 promille. Det vil utgjere rundt 2 millionar kroner i ekstra inntekter om ein vel å auke eigedomsskattesatsen til maksimalt nivå.

Innslagspunktet for refusjon til ressurskrevjande brukarar er auka. Dette fører til reduserte refusjonar på ca. 770 tusen kroner.

Det ligg inne ein reduksjon i overføringar til private barnehagar grunna avrekning av pensjon. Det er ukjent på noverande tidspunkt kva dette vil utgjere i sum for kommunen.

Gloppen kommune sitt tenestenivå ligg i dag for høgt når dette vert halde opp mot kommunen sine inntekter. Det er andre året på rad at inntektene aukar mindre enn løns-/driftsutgiftene.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Investeringsrekneskapen vil ikkje påverke resultatet i særleg grad då det i all hovudsak er tale om flytting eller utsetting av prosjekt. Låna for 2020 er allereie gjennomført, så utsettingar reduserer ikkje venta avdrag eller renteutgifter. Summen for unytta lån aukar.

Ny prognose vil kunne endre venta nettoresultat frå -25 millionar til -16,5 millionar kroner.

Sluttføringa av omsorgssenteret vil auke kommunen sine finanskostnader med ca. 2,5 millionar kroner i 2021.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FOR- 148/20 Vedtak

Investeringsrekneskapen

Kommunestyret vedtek endringane i prosjektrekneskapen som det går fram i saka.

- Sal og refusjonar på totalt 489 000 kroner blir overført til ubundne investeringsfond
- Bruk av ubundne investeringsfond aukar med 876 000 kroner
- Spelemidlar vil bli nytta til å finansiere investeringar dette året, og reduserer med dette bruk av lån med 3,5 millionar kroner
- Unytta lån blir overført til 2021

Kommunestyret tar orienteringa om endringar som påverkar 2020 rekneskapen til orientering.

Kommunestyret tar orienteringa om statsbudsjettet 2021 til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
149/20	Formannskapet	21.10.2020

Tomt til nytt høgdebasseng for Byrkjelo vassverk - dispensasjon frå kommuneplanen

Vedlegg i saka:

22.09.2020	Kart
22.09.2020	Skriv om frådelingssak
14.10.2020	93 47 oversiktskart

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen formannskap gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå formål og plankrav i kommuneplanen for frådeling og bygging av anlegg til Byrkjelo vassverk slik det er søkt om.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket ikkje set planformålet vesentleg til side, og at samfunnsnyttan ved å sikre vassforsyninga i området overgår ulempene med å fråvike plankrav og endre arealformål for den aktuelle tomta.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Byrkjelo vassverk har inngått avtale med grunneigar om å kjøpe eit tilleggsareal på om lag 730m2 for å føre opp nytt høgdebasseng med meir. Tomta er avsett til bustadformål i kommuneplanen, med krav om reguleringsplan før frådeling og utbygging.

Fakta i saka

Søknad med kartvedlegg er vedlagt. Opplysningane i søknaden om planstatus er ikkje korrekt, men elles er orienteringa grei og blir ikkje gjenteke her. Vi oppfattar orienteringa frå vassverket som grunnngjeving for søknad om dispensasjon frå kommuneplanen. Oversiktskart er også vedlagt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen

Kommunedirektøren si vurdering

Bustadpolitisk handlingsplan inneheld ei tiltaksliste, og i følge den skulle kommunen starta reguleringsarbeid for dette bustadområdet i 2020. Det er mykje i denne tiltakslista som ikkje er gjort etter oppsett plan. Dette skuldast nok mellom anna at pågåande planarbeid har teke mykje meir tid enn berekna. Det er heller ikkje private aktørar på Byrkjelo som har vore pådrivarar for å få realisert bustadfeltet.

Kommunen er i gang med å få utarbeidd hovudplan for vassforsyning. Kommunalteknisk avdeling har drøfta behovet for bassenget med Svein Sande i Cowi, som har gitt denne tilbakemeldinga:

Eg hadde vel lagt bassenget litt høgare, opp mot kote 210 om eg skulle planlegge eit heilt nytt vassverk ut frå ein grunnvassbrønn på kote 135. Men slik situasjonen er i dag, så må ein tilpasse plasseringa til dagens inntak i elva. Og då er både plassering og volum i nytt basseng heilt OK. Utvida sikringsvolum vil vere gunstig uansett om vatnet framtidig kjem frå elva eller frå grunnvatn på Byrkjelo eller Re.

Dispensasjonssøknader skal vurderast etter plan- og bygningslova §19-2, som set to hovudkrav:

1. Formålet det blir dispensert frå skal ikkje settast vesentleg til side.
2. Fordelane skal vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

For akkurat den aktuelle tomta blir formålet i kommuneplanen sett til side. Men dispensasjonen gjer det neppe mykje vanskelegare å lage ein detaljreguleringsplan og få til ei god utnytting av resten av området som er avsett til bustadformål. Vassverksbasseng gir ikkje slike restriksjonar på tilgrensande areal at dei ikkje kan integrerast i eit bustadfelt, og det er difor grunn til å tru at vassverket sine behov ville vorte teke omsyn til i eit detaljplanarbeid.

Ut frå vurderinga frå Cowi ser det både ut til at det er behov for bassenget og at plasseringa er fornuftig. Det er difor grunn til å tru at tiltaket vil vere i tråd med det pågåande hovudplanarbeidet for vassforsyninga i kommunen. Det er stor samfunnsinteresse i å sikre god og trygg vassforsyning. Byrkjelo vassverk har behov for å gjennomføre dette tiltaket nå. Kommunedirektøren meiner difor dispensasjon kan forsvarast.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 149/20 Vedtak

Gloppen formannskap gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå formål og plankrav i kommuneplanen for frådelling og bygging av anlegg til Byrkjelo vassverk slik det er søkt om. Grunngevinga for vedtaket er at tiltaket ikkje set planformålet vesentleg til side, og at samfunnsnyttien ved å sikre vassforsyninga i området overgår ulempene med å fråvike plankrav og endre arealformål for den aktuelle tomta.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
150/20	Formannskapet	21.10.2020

Kommuneplanens arealdel - 1.gangs behandling

Vedlegg i saka:

13.10.2020	Kommuneplan arealdel 2021 - 2030 - Planomtale
13.10.2020	Analyse bustadbehov 2020
13.10.2020	Bustadareal avsett i gjeldande arealdel og reguleringsplaner i planperioda 2008 - 2020
13.10.2020	Forvaltning av strandsone langs sjø og vassdrag Gloppen 2020
13.10.2020	Kategorisering av støylar i Gloppen 2020
13.10.2020	Oversikt over støylar i Gloppen 2020
14.10.2020	Gjennomgang av reguleringplaner
13.10.2020	Overordna ROS-analyse Gloppen kommune vedteken 13. februar 2020
13.10.2020	Kommuneplan arealdel - Konsekvensutgreiing og ROS
13.10.2020	Kommuneplan arealdel - Føresegner med retningslinjer
14.10.2020	Kommuneplan - faresoner
14.10.2020	Kommuneplan - Gloppen
14.10.2020	Kommuneplan - Gloppefjorden
14.10.2020	Kommuneplan - Breim
14.10.2020	Kommuneplan - Hyen

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg «Kommuneplan for Gloppen 2021 – 2030 – Arealdelen» med vedlegg ut på høyring, og til offentleg ettersyn, fram til 10. desember 2020.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I «Planstrategi for Gloppen kommune 2016 – 2020» vedtok kommunestyret at arbeidet med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og påfølgande revisjon av kommuneplanen sin arealdel, skulle starte opp i løpet av planperioden. Samfunnsdelen vart endeleg vedtatt 28. februar 2018, og la viktige føringar for arbeidet med arealdelen. Arbeidet med planprogram til arealdelen vart sett i gang allereie i januar 2018, og lagt ut på høyring av formannskapet 7. februar. Parallelt med høyringsperioden vart det opna for å kome med innspel til endringar i arealdelen. Planprogrammet til arealdelen vart vedtatt av kommunestyret 25. april 2018, slik det låg føre. I vedtaket vart det presisert at arealplanen skulle vere klar til politisk behandling på junimøtet i 2019. Planen har sidan vore utsett fleire gangar pga. manglande plankapasitet i fleire periodar og forskyving av andre viktige planar med relevans for arealdelen. Den er no klar for å leggast ut på 1. høyring.

Fakta i saka

Planprosessen

I tråd med vedteke planprogram, vart det i april gjennomført tre planverkstader – i Hyen, på Breim

og eit felles for området Gløppefjorden. Der fekk innbyggjarane høve til å kome med innspel til arealendringar. Dei to første verkstadene vart gjennomført i samarbeid med utviklingslaga i lokalsamfunna.

Vi fekk inn 214 innspel gjennom planverkstadene i tillegg til 32 innsende innspel frå grunneigarar. Det vart tidleg i planprosessen gjort ei enkel vurdering av alle innkomne innspel (grovsortering), der fleire av innspela vart silt ut. Dette dreia seg i hovudsak om innspel som allereie ligg i gjeldande arealdel eller i vedtekne reguleringsplanar/områdeplanar, eller innspel som ikkje har direkte relevans for arealdelen. Innspel som vart vurderte som uaktuelle å gjennomføre i planperioden, eller ikkje vart sett på som realistiske å få gjennomført, vart også silt ut.

Dette vart lagt fram for formannskapet i august 2018 i sak 87/18 og godkjent. Desse innspela er samla i eit eige dokument - «Grovsortering av innspel til kommuneplanens arealdel», som ligg som vedlegg til planen. Der finn ein også grunngevinga for at desse vart sortert ut.

Etter ein grundigare gjennomgang av dei resterande innspela, vart det gjort ei ny vurdering (finsortering). Administrativt er det tatt ei avgjerd om å ikkje legge inn einskildtomter til bustad og eller fritidsbustad i kommuneplanen. Desse skal handsamast med retningslinjer for dispensasjon til bustad og fritidsbustad i LNF-område i føresegnene til arealdelen. Innspel til turstiar og trasear er tatt omsyn til i kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, og er ikkje lagt inn i kommunekartet som trasear, og er derfor ikkje konsekvensvurdert. Upresise innspel som ikkje i tilstrekkeleg grad kan avgrensast i kart og ikkje kjem som innspel frå grunneigar, er heller ikkje konsekvensvurdert og tatt med vidare.

Planarbeidet har i hovudsak vore gjennomført i tråd med planprogrammet. Det har blitt lagt stor vekt på å utgreie og forbetre kunnskapsgrunnlaget for sjølve planarbeidet gjennom ulike temakart. Planen er utarbeidet etter plan- og bygningslova som vart gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Gamal kommuneplan vart vedteke i 2009 i tråd med plan- og bygningslova som vart vedteke 1985.

Dokument i saka

Hovuddokument:

- Plankart
- Føresegner og retningslinjer
- Planomtale
- Konsekvensutgreiing (KU) og ROS av utbyggingsområde, både einskiltområde og samla for planen

Plankart og føresegner i arealdelen er juridisk bindande. Dei skal syne hovudtrekka for korleis areala i kommunen skal disponerast, og gje rammer og føresetnader for korleis ny arealbruk og nye tiltak kan settast i verk. *Planomtale og konsekvensutgreiing og ROS* er supplerande dokument som skal være med å grunngje og beskrive dei val som er tatt i dei juridiske dokumenta.

Vedlegg:

- Vedlegg 1 - Analyse bustadbehov – folketalsutvikling, pendling og arealbruk i dag
- Vedlegg 2 - Bustadareal avsett i gjeldande arealdel og vedtekne reguleringsplanar i planperioden 2009 – 2020.
- Vedlegg 3 - Forvaltning av strandsone langs sjø og vassdrag 2020
- Vedlegg 4 - Kategorisering av støylar i Gløppen 2020 (skriftleg dokument)
- Vedlegg 5 - Oversikt over støylar i Gløppen 2020 (tabell)
- Vedlegg 6 - Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar
- Vedlegg 7 - Overordna ROS – analyse Gløppen kommune vedteken februar 2020
- Vedlegg 8 - Grovsortering av innspel til kommuneplanens arealdel – aug. 2018 (Sak 87/18 i FOR)

Følgjande temakartlegging er lagt inn som utklipp i kapittelet om tettstadutvikling i planomtalen

- Temakart – avgrensing av tettstadane Sandane, Reed og Byrkjelo
- Temakart – reell gang- og sykkelavstand frå barnehage/skule

Følgjande temakart er på høyring og vert lagt til når dei vert vedteke

- Temakart – kjerneområde landbruk 2020
- Temakart – kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområde 2020

Vurdering av samla KU for heile planen er ikkje klar, men vil bli lagt inn i KU-dokumentet før den vert lagt ut til høyring. Før utlegging vil dokumenta bli gjennomgått med fokus på språk, bilete og layout, og gjort tilgjengeleg både på nett og skriftleg i servicetorget.

Politisk behandling

Planen skal no til 1. gongs behandling, deretter vert det følgjande behandling fram til endeleg vedtak:

- Høyring og offentlig ettersyn. Minimum 6 veker.
 1. Dersom det kjem inn motsegn frå statlege og/eller regionale styresmakter, må desse behandlast.
- 2. gangs vedtak som anten vil vere utlegging av endra plan til nytt ettersyn eller sluttvedtak.
 1. Behandling etter dette vil avhenge av eventuelle motsegner, og om desse let seg løyse før eller eventuelt under mekling.
- Sluttvedtak kan fattast når alle eventuelle motsegn er oppklara.

Hovudutfordringar

I vurderinga av arealbruk skal ulike samfunnsinteresser avvegast, og viktige overordna omsyn ivaretakast. Planen skal også samordne statlege, regionale og kommunale omsyn. Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt viktigaste verktøy for å styre areal- og befolkningsutvikling. Her kan kommunen gjere avvegingar mellom vekst og vern. Ny arealdel legg særskilt vekt på å finne løysingar på dei fire hovudutfordringane som vart vedtekne i Planstrategi for Gloppen 2020 – 2024 (omtala i kapittel 2 i planomtalen). Planen legg difor til rette for eit meir berekraftig utbyggingsmønster som fremjar reduksjon av klimagassutslepp og andre miljø- og samfunnsomsyn. Der utbyggings spørsmål utfordrar berekraftperspektivet, er det viktig å sikre fellesskapet sine interesser. Sunn økonomi, ein balansert demografi og gode og sosialt berekraftige lokalsamfunn er viktige føresetnader for å kunne levere gode tenester i framtida.

Folketalsutvikling og -framskriving

SSB si folketalsframskriving for Gloppen fram mot 2030, viser ein nedgang på 140 innbyggjarar. Tala er langt meir negative enn tidlegare prognoser for same periode. Samtidig veit vi at folketalsveksten i perioden 2002 – 2020 vart langt over SSB sin prognose for perioden (+400). Med bakgrunn i dette vil vi truleg kunne forvente ein meir positiv folketalsvekst enn denne prognosen tilseier. Dette vert stadfesta av Vestland sin fylkesprognose som beskriv ein mogleg vekst på i overkant av 100 nye innbyggjarar. Det er likevel verdt å merke seg at den største veksten i folketalet kjem i talet på eldre.

Vidare har vi i gjeldande planperiode hatt ein vekst i talet på privathushald på 187, men berre ein svak auke av tal personar i privathushald på 18. Dette tyder på at hushalda vert mindre, og talet på åleinebuande og hushald med 2 personar har auka med høvesvis 96 og 353 (Sjå vedlegg om bustadanalyse).

Hovudgrep i planen

Med bakgrunn i hovudutfordringar i vedteken planstrategi og samfunnsdel, har vi valt å legge vekt på følgjande i planen:

- Fortetting og utviding av eksisterande byggeområde framfor nye einebustadområde
- Grundig gjennomgang av formålet spreidd busetting i LNF
- Vern av verdifull landbruksjord og kulturlandskap
- Gjennomgang av gamle reguleringsplanar
- Fokus på ei aldersvenleg samfunnsutvikling

Bustadutvikling

Ein gjennomgang av regulerte område og område avsett til bustad i gjeldande arealdel viser at vi langt på veg dekker behovet for nye einebustadtomter i planperioden. Unntaket her er på Nordstranda og i Hyen. I følgje tal frå SSB bur ein stor prosent av innbyggjarane våre åleine eller i familiar med to personar (småhushald), og folketalsframskrivinga syner at veksten vert størst i talet på eldre i løpet av planperioden. Dette gjer det naudsynt at vi i planlegging av nye bustadområde, i større grad legg til rette for å auke talet på mindre bustader og bustader med universell utforming. Dette gjeld også i område der vi tradisjonelt har hatt berre einebustader. Kommunen må fokusere meir på å bygge bustadtypar vi har behov for i framtida, heller enn tal ledige bustader og tomter. Det er derfor lagt inn krav om universell utforming i 50 % av nye bustader som vert bygd. Vidare ser ein at det er behov for å skape gode og berekraftige nærmiljø med gode møteplassar, der vi i større grad kombinerer konsentrert utbygging med einebustader. Dette gjer det mogleg for fleire å bli buande i nærmiljøet sitt, men samtidig kunne byte bustad når behovet endrar seg.

Veksten i tal eldre er ikkje først og fremst ei belastning, men eldre representerer ein viktig ressurs som kommunen i større grad kan nyttiggjere seg dersom folk i ulike aldrar får høve til å busette seg i same nærmiljø. Aldersvenleg stadutvikling er eit gode for alle aldersgrupper. Unge som ønskjer å flytte i eigen bustad, men som ikkje har opparbeida seg nok økonomi til å bygge eigen bustad, er også ei viktig målgruppe. For mange tilflyttarar er det avgjerande med tilgjengelige gjennomgangsbustader.

Det er derfor i ny arealdelen først å fremst lagt inn nye bustadområde for konsentrert utbygging. Det er i tillegg lagt inn nokre få område for spreidd busetting i LNF der det har kome inn konkrete forslag, og der det ikkje er ønskeleg å etablere bustadfelt.

For å sikre ønska vekst i planperioden er det i planforslaget lagt inn ein større del av nye bustadområde enn behovet tilseier. Dette gjeld først og fremst bustadområde til fortetta utbygging med vekst på mindre bustader. Dette er gjort fordi store delar av utbyggingsområda er i privat eige, der kommunen har særskilt avgrensa høve til å styre utviklinga. Av erfaring veit ein også at ikkje alle område, verken kommunale eller private, let seg utvikle og selje som planlagt. I bustadmarknaden er det slik at både bustadtomter, næringsareal og tomter til fritidsbustader må vere både attraktive, omsetjelege og forretningsmessig interessante å utvikle før nye område vert utbygd. Overkapasiteten på bustadtomter skuldast også at kommunen har eit spreidd utbyggingsmønster der ein ønsker at alle tettstadene og grendesentra skal ha ledige tomter både i felt og spreidd.

Nye bustadområde - Gløppefjorden

Type formål	Namn område	Areal	Merknad
Bustad	Valborgkleiva	78 daa	Einebustader og fortetta
Bustad	Sørsida av Åsavegen - Evebø	43 daa	Einebustader og fortetta
Bustad	Nord for omsorgssenteret	11 daa	Må sjåast i samheng med «Mardal blikkenslagar».
Bustad	Område «Mardal blikkenslagar»	3,5 daa	----- -----område nord for omsorgssenteret.
Bustad	Gamletunet på Austrheim	20 daa	Einebustader og fortetta
Bustad	Øvre Gløppestad	4,7 daa	I tilknytning til eksisterande bustadområde
Spreidd busetting LNF	Øvre Gløppestad	50 daa	Einebustader
Bustad	Andenes	25 daa	Einebustader og fortetta
Kombinert – Bustad/Reiseliv	Øyrane	12 daa	Kombinert

Nye bustadområde – Breim

Type formål	Namn område	Areal	Merknad
Bustad	Bjørnarheim nedre	35 daa	Einebustader og fortetta
Bustad	Vest for Jomfrusvingen	10 daa	Einebustader og/eller fortetta
Spreidd busetting LNF	Sandal	17 daa	Einebustad
Sentrumsformål	Reed vest	3,5 daa	Fortetta busetting/ næring

Nye bustadområde - Hyen

Type formål	Namn område	Areal	Merknad
Spreidd busetting i LNF	Holme	36 daa	Einebustader og/eller fortetta
Spreidd busetting i LNF	Rønnekleiv/Mjellem	8 daa	Einebustader
Sentrumformål	Sør vest på Straumsholmen	6 daa	Utfylling i Hopsvatnet

Nye område til fritidsbustader

Kommuneplanen har som mål å ha ein arealstrategi for fritidsbustader, som styrkar og byggjer opp om Gløppen som eit attraktiv reiselivs- og friluftslivsområde med fokus på opplevingar og aktivitet i både urørt og tilrettelagt natur, kortreist mat og kulturformidling. Dei positive effektane må vegast opp mot dei negative konsekvensane som følgjer med nedbygging av areal. Det er konsentrert utbygging av store område nært sentrum og tilbod som gjev størst måloppnåing sett i forhold til konsekvensane.

Eksisterande område for fritidsbustader er i liten grad målretta. Det er eit potensiale i å samordne og fokusere arbeidet med sal og promotering av Gløppen som destinasjon, men kommuneplanen skal først og fremst sikre at utvikling av fritidsbustader gir dei effektane for Gløppen som kommunen har mål om.

Type formål	Namn område	Areal	Merknad
Fritidsbustad	Holvikfossen	25 daa	Hyttefelt utan adkomstvegar i feltet
Fritidsbustad	Ytre Fjellbygda (Skår)	8,4 daa	Utleige hytter til sykkel- og friluftslivsturistar ved populær utfartsstad.
Fritidsbustad	Valborgkleiva	100 daa	Søraust for bustadfeltet
Vidareført Fritidsbustad	Utviding av Breimslia	760 daa	Aust og vest for eksisterande hyttefelt
Fritidsbustad	Årdal	34 daa	Vest for Årdal

Nye område til nærings- og reiselivsformål

Dersom vi skal få til ei ønska folketalsvekst er det viktig å legge til rette for etablering av ny næringsverksemd og utvikling av eksisterande næringar i Gloppen. Det er viktig at vi til ei kvar tid har avsett nok næringsareal for å kunne dekke behov til eksisterande næringar som ønskjer å utvide, men også til nye verksemder som ønskjer å etablere seg i kommunen. Innspela vi har fått inn har hovudsakleg omhandla areal til eksisterande næring. I planprogrammet til arealdelen har det vore fokus på etablering av nytt næringsareal i nær tilknytning til ny trase for E39 gjennom Byrkjelo. Dei fleste innspela til nye næringsareal handlar om det same området. Kommunedelplan for E39 på Byrkjelo er framleis ikkje vedtatt, og næringsareal med direkte tilknytning til vegtraseen må vurderast i reguleringsplan. Vern av landbruksjord er ikkje mindre viktig i denne samanheng.

Nye område til næring og reiseliv

Type formål	Namn område	Areal	Merknad
Næring	Fløtreflata	50 daa	Rett utanfor sentrum av Byrkjelo mot Sandane ved E39.
Næring	Hetle bru	5 daa	Nær krysset mellom E39 og vegen opp mot Utvikjellet.
Reiseliv	Sølvane gard	23 daa	Til turistformål med utgangspunkt i gardsdrift
Reiseliv	Tystadfjøra	10 daa	Turistformål ved fjorden
Kombinert	Straumsholmen	6 daa	Utfylling i Hopsvatnet

Område til infrastruktur og offentleg formål

Det er lagt inn område for utviding av Nordstranda skule nord og vest for skulen, og nytt område for Austrheim barnehage ved Gimle grendehus. Dette vil saman med nytt bustadfelt sørvest for skulen vere med på å styrke utvikling av eit nærmiljø på indre Nordstranda.

I tillegg er det lagt inn ny gang- og sykkelveg gjennom det bustadområde som er lagt inn mellom Ebebø og Åsavegen. Realisering av gang- og sykkelveg vil knyte innbyggjarane i Bukta tettare på Sandane skule, barnehage, viktige fritidsarenaer og arbeidsplassar i Mona. Dette vil gi fleire ein trygg skuleveg.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen har ingen direkte økonomiske konsekvensar utover bruk av interne ressursar. Vi planlegg for ei utvikling som på sikt skal gi positive økonomiske konsekvensar.

Kommunedirektøren si vurdering

Arealdelen som no vert lagt på høyring, følgjer opp viktige føringar i samfunnsdelen. Den legg stor vekt på å følgje opp berekraftmåla, og tek inn over seg endringar i kommunen sin demografi og planlegg for sosialt berekraftige tettstader og lokalsamfunn. Kommunedirektøren håpar at høyringsperioden sikrar at kommunen i tilstrekkeleg grad når målet om å legge til rette for eit nytenkande næringsliv og nye næringar som tilfører kommunen eit større mangfald av spennande og framtidsretta arbeidsplassar.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Orientering ved Beate Kornberg og Torbjørn Brandsæter.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FOR- 150/20 Vedtak

Formannskapet legg «Kommuneplan for Gloppen 2021 – 2030 – Arealdelen» med vedlegg ut på høyring, og til offentleg ettersyn, fram til 10. desember 2020.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
151/20	Formannskapet	21.10.2020
085/20	Kommunestyret	28.10.2020

Samarbeidsavtale om interkommunalt krisesentertilbod

Vedlegg i saka:

14.10.2020 Samarbeidsavtale Krisesenteret

Kommunedirektøren si tilråding

- Gloppen kommunestyre sluttar seg til samarbeidsavtalen med Kinn kommune som vertskommune for Krisesenteret i Sogn og Fjordane.
- Gloppen kommunestyre forpliktar seg som deltakar i ordninga å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga mellom kommunane.
- Gloppen kommunestyre tek evalueringa av samarbeidsavtalen til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunene har plikt til å ha tilbod om krisesenter til kvinner, barn og menn. Dette er heimla i Lov om kommunale krisesentertilbod. Gloppen kommune har gjennom ei årrekke sytt føre tilbod til våre innbyggjarar ved å kjøpe tenesta frå Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

Dei siste åra har Flora kommune kjøpt tenester hjå Krisesenteret og vore vertskommune for kommuner som tek del i ordninga. Vertskommunesamarbeid er regulert i kommunelova kapittel 5 og §28. Alle kommuner i gamle Sogn og Fjordane med unntak av Hornindal (frå 2021) og Gulen deltek i samarbeidet.

Oppseiing av avtalen er eit år og føl budsjettåret. Oppseiinga skal skje skriftleg til vertskommunen.

Med årsak i kommunesamanslåingar frå 2020 er det utarbeidd ny samarbeidsavtale om interkommunalt krisesentertilbod. Kinn kommune er vorte vertskommune og skal inngå samarbeidsavtale med kvar einskild kommune i samarbeidet.

Framlegg til samarbeidsavtale har vore handsama i samarbeidsutvalet for krisesenteret i Sogn og Fjordane, rådmannsutvalet i Sogn og fjordane og i KS sitt fylkesstyre.

Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunen sitt ansvar ovanfor innbyggjarane i høve krisesentertjenester.

Aktuelle lover, forskrifter og avtaler:

Lov om kommuner og fylkeskommuner

Lov om kommunale krisesentertilbud

Fakta i saka

Nytt i framlegget til avtale:

Kapittel 2: Kommunesamanslåingar:

Frå 2020 vert det 17 kommunar:

- Flora og Vågsøy er vorte til Kinn kommune.
- Naustdal, Førde, Gaular og Jølster er vorte til Sunnfjord kommune.
- Eid og Selje er vorte til Stad kommune.
- Balestrand, Sogndal og Leikanger er vorte til Sogndal kommune.

Kapittel 5: Det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane og vertskommunen:

Formuleringa i punkt to er endra til at kostnadsfordelinga mellom kommunane vert bygd på den einskilde kommune sin indeks for rammetilskot i statsbudsjettet for 2020 og ikkje for 2011.

Kapittel 8: Andre forhold:

Under punktet kva heimkommunen skal dekke kostnader til er det lagt til skule og eventuelt barnehage.

Det er oppretta eit samarbeidsutval med ein representant frå kvar region, 1 frå Nordfjord, 1 frå Sogn, 1 frå Sunnfjord og ein frå Kinn (vertskommunen). Oppgåvene til samarbeidsutvalet er:

- Drøfte tema som vertskommunen ønskjer å drøfte med samarbeidande kommuner.
- Gje uttale til vertskommunen sine evneutelle vilkår for tenestekjøp.
- Evaluere samarbeidsavtalen, og komme med eventuelle framlegg til endringar av avtalen ved behov.

Bruk av tilbodet:

Statistikk frå dei siste 5 åra:

STATISTIKK

Krisesenteret i Sogn og Fjordane

1. ANTALL TELEFONHENV.	2018	2017	2016	2015	2014
Kvinner	817	804	968	873	814
Offentlege etatar på vegne av kvinner	478	501	671	470	592
Menn	42	36	53	9	12
Offentlege etatar på vegne av menn	14	19	41	4	6
Barn	2	2	7	2	0
total	1353	1362	1740	1358	1424

2. PROBLEMSTILLINGAR I TELEFONHENV.	2018	2017	2016	2015	2014
Fysisk mishandling	532	515	682	540	589
Psykisk mishandling	713	703	831	791	863
Voldtekt	26	17	43	22	39
Incest / seksuelle overgrep	18	21	42	23	27
Direkte vold mot barn / barn vitne til vold	61	59	132	122	112
Truslar om vold	704	617	802	638	623
Drapstruslar	168	187	203	195	228
Sjølmodstankar	27	23	28	18	25
Sjølmodforsøk	5	3	7	1	3
Psykiske problem	503	428	412	318	436
Samlivsproblem	460	518	456	362	342

Tvangsekteskap	4	7	19	4	21
Problem med barn/ungdom. Råd og veiledning	13	22	14	15	19
Separasjon / skilsmisse	624	603	723	640	623
Truslar om kidnapping / kidnapping	18	24	36	28	39
Barnefordeling. Probl. med samværsordninger	618	603	624	512	482
Økonomiske problem	58	46	35	26	18
Problem på arbeidsplassen	7	5	2	4	0
Alkohol / narkotika	98	124	107	88	96
Probl. vedk. søknad om opphald i Norge	241	204	233	168	165
Seksuelle problem / avvik	23	31	46	37	48
Einsemd	67	49	51	56	44
Anna	271	288	255	213	152
Menneskehandel	84	67	78	44	53

3. DAGBESØK	2018	2017	2016	2015	2014
Antall dagbesøk kvinner	320	244	301	294	286
Antall dagbesøk menn	57	15	25	33	12
totalt	377	259	326	327	298

4. BEBUARAR	2018	2017	2016	2015	2014
Kvinner	37	42	50	49	48
Menn	3	4	10*	0	1

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ein fordeler totalbudsjettet for tiltaket på den einkilde kommune sin indeks for rammetilskot frå staten. Gloppen kommune sin kostnad er på 556 000 kroner for 2021. Kinn kommune føretek

fordelinga kvart år i samband med årsbudsjett og melder til dei andre kommunane.

Kommunedirektøren si vurdering

Tilbod om opphald på krisesenter er eit lovpålag tilbod og det er tenleg å samarbeide med andre kommunar om å gje tilbodet. Det vert derfor vurdert som tenleg å inngå samarbeidsavtalen med Kinn kommune som vertskommune. Krisesenteret i Sogn og Fjordane gjev gode tenester til brukarane.

Når det gjeld det finansielle ansvaret for tenester som vert ytt til personar frå ei anna kommune, kan to eller fleire kommunar inngå avtaler om ei anna ordning seg i mellom enn det som følgjer av lova. Prinsippet om avtalefridom gjeld for kommuner på same måte som for private personar. Kommuner kan ikkje inngå avtale som svekkar den einskilde tjenestemottakar si rettslege stilling. Det har vore dissens i samarbeidsutvalet i høve ordlyden i avtalen si pressisering i kapittel 8 der mindretalet sitt framlegg til tekst er å halde seg til ei kvar tid gjeldande lov og føresegn. Mindretalet føreslo å ikkje inngå avtale om anna ordning enn det som følgjer av lova. Vi vel å tilrå å nytte fleirtalet sitt framlegg til vedtak då Kinn ikkje vil inngå avtaler med ulikt innhald mellom ulike kommunar.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

FOR- 151/20 Vedtak

- Gloppen kommunestyre sluttar seg til samarbeidsavtalen med Kinn kommune som vertskommune for Krisesenteret i Sogn og Fjordane.
- Gloppen kommunestyre forpliktar seg som deltakar i ordninga å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga mellom kommunane.
- Gloppen kommunestyre tek evalueringa av samarbeidsavtalen til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
152/20	Formannskapet	21.10.2020
087/20	Kommunestyret	28.10.2020

Økonomisk stønad til Seniornett

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret ikkje vidarefører den økonomiske stønaden til Seniornett Gloppen på kr 15 000,- årleg frå og med 2021.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2016 søkte Seniornett Gloppen til Gloppen kommune om økonomisk stønad. Stønaden var til å dekke deler av kostnadene med internett i Gløppetun, der Seniornett har sin aktivitet. Kommunen ved kultursjef, helse- og omsorgssjef og oppvekstsjef inngjekk avtale om å dekke kr 15 000 årleg til dette formålet. Det vart ikkje laga ei skriftleg avtale, men e-post korrespondanse viser at denne avtala vart gjort. Det vart avtala å dele denne utgifta på dei tre sektorane. Begrunnelsen for å inngå avtala var at Seniornett tok på seg eit viktig ansvar med data-opplæring av seniorar i Gloppen, dette var ein viktig møteplass og internett i Gløppetun var med å heve standarden på bygget som har ein viktig historisk plass i sentrum.

Fakta i saka

Seniornett Gloppen er ein frivillig organisasjon (dataklubb) som jobbar for å inkludere seniorane i den digitale kvardagen. Klubben har tett samarbeid med Frivilligsentralen i Gloppen, som står for den daglege kontakta. Dataklubben har eige styre med vedtekter og er innmeldt i Brønnøysund registeret. Dei har i dag mellom 40-50 medlemmer. Endringa i samfunnet med digitalisering på dei fleste områder utfordrar særleg den eldre generasjonen. Seniornett gjev opplæring i grunnleggande områder som å betale rekningar i nettbank, bruk av epost, bruk av tenester til offentlege etatar, bestille legetimar og reseptar, sosiale media, finne viktig informasjon på nett m.m.

Dei starta aktiviteten sin i 2011 i lokala til Frivilligsentralen, men etter som fleire har kome til, vart lokala og internett tilkoplinga der for lite. Etter å ha prøvd ulike kommunale lokalitetar har dei etablert seg på Gløppetun, då dette vart vurdert til å vere det best eigna lokalet. Kostnadene til Seniornett er knytt til husleige, internett og noko utstyr. Opplæring er basert på frivillige.

Økonomisk ansvarleg bekreftar at den økonomiske situasjonen til Seniornett framleis er slik at dei ikkje har inntekter til å dekke utgiftene knytt til husleige og internett. Fråfall av kommunal støtte vil medføre at brukarane/medlemmene må betale dette.

I søknaden om støtte frå Gloppen kommune argumenterte Seniornett med at dei tek eit stort ansvar for data-opplæring til seniorar og at dette eigentleg var kommunen sitt ansvar. Opplæringslova kapittel 4A omhandlar opplæring spesielt organisert for vaksne. Vurderinga av om vaksne har rett til opplæring skal baserast på fleire forhold som om søkjar tidlegare har fått eit opplæringstilbod som var likeverdig med opplæringstilbodet som var gitt i det tidsrommet, og om søkjaren har objektivt sett eit reelt behov. Det at det har gått lang tid sidan den vaksne gjennomførte grunnskuleopplæring,

og at vedkomande ikkje har kunnskap i tråd med dagens opplæring, gjev i seg sjølv ikkje rett grunnskoleopplæring. Det vil seie at kva enkelt i så fall måtte få vurdert ein søknad om opplæring og utfallet av dette er uvisst.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen har sidan 2017 hatt utgifter på kr 15 000 per år i form at støtte til Seniornett. Dette har vore likt fordelt mellom ansvar 3000 (Helse), 2000 (Oppvekst) og 5000 (Kultur) Dette ein kostnad som er innarbeidd i tidlegare budsjett og vert ikkje ein ny ekstra kostnad.

Kommunedirektøren si vurdering

Endringa i samfunnet med digitalisering på dei fleste områder utfordrar særleg den eldre generasjonen. Seniornett Gloppen har vore ein viktig aktør for å gje eldre i kommunen viktig opplæring. Dette er viktig for at dei eldre skal ta i bruk teknologi, vere mest mogleg sjølvhjelp og fungere som likeverdige medlemmar i samfunnet. Det er også ein viktig møteplass og internett er i dag viktig infrastruktur for å nytte lokaler til møter av ulike slag.

Kommunedirektøren si vurdering er at dette ikkje er noko som er lovheimla at kommunen har ansvar for utifrå opplæringslova og at individuelle søknader om opplæring nok ikkje vil nå fram i ei slik vurdering. Då er det andre grunnar som må ligge til grunn for ei støtte som verdien av tilbodet i seg sjølv og bruken av Gloppetun. Slik den kommunale økonomien i Gloppen er vil ikkje kommunedirektøren tilrå å vidareføre den økonomisk stønaden til Seniornett. Det er sjølvstøtt håpet at Seniornett Gloppen kan oppretthalde sin aktivitet utan dette tilskotet vidare og kan finne midlar gjennom andre ordningar.

Formannskapet 21.10.2020

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 152/20 Vedtak

Kommunestyret vidarefører ikkje den økonomiske stønaden til Seniornett Gloppen på kr 15 000,- årleg frå og med 2021.

Vedtaket var samrøystes.